

Budsjett 2026

Økonomiplan med handlingsdel 2026-2029

Formannskapet si innstilling



Foto: Kjell Stian Brunes

Innhold

Kommunedirektøren har ordet.....	6
Innleiing	6
Samfunnsutfordringar	6
Investeringar.....	7
Drift.....	7
Avslutning.....	8
Slik orienterer du deg i dokumentet	8
Litt om webdokumentet og orientering i dette	8
Informasjon på kvar enkelt sektor	11
Politiske spørsmål og svar	12
Organisering, styring og verdier	13
Visjon	13
Verdiar	13
Politisk struktur	14
Administrativ struktur	15
Plan- og styringssystem	16
Menneskelege ressursar	20
Budsjettvedtak	22
Formannskapet si innstilling.....	22
Kommunedirektøren sitt forslag	23
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd.....	24
Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd.....	25
Kommentar løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd	25
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd.....	26
Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd.....	27
Satsingsområde	30
Attraktiv kommune	30
Barn og unge	31
Velferd og omsorg.....	31
Aukra i regionen	32
Fornyning, forenkling og forbetring	32
Kompetente medarbeidarar, rekruttering.....	32
Berekraftig økonomiforvaltning.....	33
Klima og miljø.....	34

Gjennomgåande perspektiv	34
Gebyrliste	35
Foreldrebetaling barnehage.....	35
Foreldrebetaling SFO.....	36
Eigenbetaling dagsentertenester	37
Eigenbetaling praktisk bistand	38
Eigenbetaling matombringing.....	39
Eigenbetaling tryggleikspakke.....	40
Eigenbetaling leie GPS.....	41
Eigenbetaling opphald i Institusjon	41
Betalingssatsar Aukra Basseng.....	42
Elevavgift Aukra kulturskole.....	43
Gebyr for vatn, avløp, renovasjon, slamtømming, feiing og tilsyn	44
Gebyr for sakbehandling plan-, byggesaks- og oppmålingsområdet.....	47
Gebyr for saksbehandling etter forurensningsregelverket.....	58
Husleige kommunale boligar.....	59
Utvikling i befolkning.....	60
Demografi.....	61
Status og rammevilkår.....	63
Finansiering av kommunesektoren	63
Statsbudsjettet sine føringar	64
Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan	66
Sentrale inntekter.....	66
Informasjon om finansinntekter og -utgifter	71
Avsetnader og årsoppgjersdisposisjonar	72
Disposisjonsfond per 31.12.2026	73
Disposisjonsfond per 31.12.2027	74
Disposisjonsfond per 31.12.2028.....	74
Disposisjonsfond per 31.12.2029	75
Kommentar til disposisjonsfonda.....	75
Disponering av driftsramma.....	76
Investeringar i budsjett og økonomiplan	87
Investeringstabell for kommunen samla	87
Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2025-2028.....	95
Nye investeringar i økonomiplan 2026-2029.....	96

Oversikt innmeldte ønska investeringstiltak frå einingane som ikkje er prioritert	96
Kommunedirektøren sin kommentar til ikkje prioriterte budsjettendringar investering	97
Oversikt Investering og finansiering	97
Økonomisk utvikling i planperioden	99
Berekraftig økonomisk utvikling	99
Vurdering av den økonomiske utviklinga	100
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter	102
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar	103
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	104
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter	105
Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter	106
Kommunen sine ramme- og tenesteområde	109
Organisasjonsutvikling	109
Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram	109
Tekst til måltabell	109
Fordeling på eining (tabell)	110
Omtale av sektoren	110
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	111
Utfordringar og tiltak for kommande år	112
Stabssjef organisasjonsutvikling	113
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	113
Økonomiavdelinga	114
Organisasjonsavdelinga	114
Oppvekst og kultur	115
Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram	115
Tekst til måltabell	115
Fordeling på eining (tabell)	117
Omtale av sektoren	118
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	118
Utfordringar og tiltak for kommande år	120
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	123
Gossen barne og ungdomsskole	123
Julsundet skole	124
Barnebo barnehage	124
Bergetippen barnehage	125

Innvandring og integrering	125
Kultur	126
NAV Aukra	126
Barnevern	126
Helse og omsorg	127
Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram.....	127
Tekst til måltabell	127
Fordeling på eining (tabell)	128
Omtale av sektoren	128
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	129
Utfordringar og tiltak for kommande år	130
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	131
Institusjon og butenester	131
Tenester til heimebuande	131
Helse	132
Samfunnsutvikling	133
Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram.....	133
Tekst til måltabell	133
Fordeling på eining (tabell)	134
Omtale av sektoren	134
Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda	134
Utfordringar og tiltak for kommande år	135
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	135
Tekniske tenester	136
Overføringar	138
Rammeoversikt.....	138
Fordeling på eining (tabell)	138
Omtale av sektoren	138

Kommunedirektøren har ordet

Innleiing

Kommunedirektøren legg her fram sitt forslag til budsjett for 2026 og økonomiplan for 2026 – 2029. Også denne gongen har vi mykje å glede oss over i Aukra kommune. Vi har positiv auke i folketalet, som bidreg til ei fin auke i inntektene vi får frå staten. Det er likevel fyrst og fremst dei gode inntektene frå eigedomsskatten som set kommunen i ei økonomisk særstilling. Det er sjølv sagt også det som gjer at vår kommune allereie legg ekstra mykje pengar inn i drifta. Til tross for det er forventningane store, både til auka driftsnivå og nye investeringar. Forventningane kjem frå kommunen sin eigen organisasjon, frå politikarane og frå innbyggjarar. Alle med dei beste intensjonar om betre tenester, men også i vår kommune må vi jobbe med å dempe forventningspresset og stille oss spørsmålet; kva er godt nok?

Samfunnsutfordringar

Landet - og Aukra - står føre store samfunnsutfordringar som vil prege kommunane dei neste tiåra. Utfordringsbiletet er prega av tre hovudtrekk:

1. Demografiske endringar og press på velferdstenestene

Demografiske endringar, med ei aldrende befolkning, fleire unge som treng omfattande tenester og færre yrkesaktive, vil føre til auka press på helse- og omsorgstenestene. Dette krev omprioritering internt i kommunen, omstilling i tenestetilbodet, målretta arbeid med rekruttering og kompetansebygging, investeringar i fleire sjukeheims plassar og bufellesskap, arbeid med auka tilrettelegging på lågare nivå i omsorgs-trappa og eit godt samarbeid med pårørande og frivillige. I tillegg er det ei utfordring å formidle desse utfordringane til innbyggjarane på ein god måte, orientere om kva ein kan forvente seg av kommunen og oppfordre til at den einskilde innbyggjar må førebu seg til denne livsfasen.

I Aukra kommune er vi i gang med dette arbeidet, både på eigen kjøp og i samarbeid med våre nabokommunar. Å løyse denne samfunnsutfordringa på ein god måte vil krevje mykje av oss framover.

2. Økonomisk berekraft og forventningsgap

Kommunen forventar auka kostnader, auka renteutgifter og avskrivningar knytt til investeringar og strammare rammer, samstundes som forventningane frå innbyggjarar og stat aukar. Dette skapar eit forventningsgap som gjer det naudsynt med effektiv ressursbruk og god kommunikasjon. Samtidig legg vi no inn store investeringar i bygg som skal kome heile kommunen til gode og gje moglegheit for gode liv og bulyst for innbyggjarane. Det er viktig, men auka investeringar må finansierast over den løpande drifta. Noko må tas ned. Det krev tydelege prioriteringar.

I Aukra kommune viser økonomiplana at vi treng omstilling og effektivisering i drifta for å ha evne til å løfte dei ynskja investeringane. Om ikkje vil det generelle disposisjonsfondet vårt nå eit kritisk nivå innan 2030. Kommunedirektøren vil legge til rette for eit løpande arbeid med omstilling/effektivisering framover og forvente budsjett disiplin i sektorane/einingane.

3. Samfunnsberedskap

Vi lever i ei meir uroleg tid, og det vert forventat at kommunane styrker innsatsen innan samfunnstryggleik. Særleg vil det krevjast styrking av beredskapsarbeidet, for å møte både dagens og morgondagens krav. Vi må vere førebudd på uventa hendingar. Dette krev langsiktig planlegging, tett samarbeid og evne til å tenkje nytt.

I Aukra kommune har det vore arbeidd godt med beredskap, men vi ser likevel at vi har eit behov for å bruke meir tid og ressursar på dette framover. Forventningane er store frå sentrale myndigheiter. Vi skal bidra til at våre innbyggjarar skal føle seg trygge, men samtidig er det viktig at dei tek eigenberedskapen på alvor.

Investeringar

I forslaget til budsjett- og økonomiplan er det teke med ei mengde små og store investeringar, totalt ca. 524 millionar kroner i varige driftsmidlar i løpet av 4 år. Det er ei stor auke frå førre økonomiplan. Det er lagt inn 150 millionar til sambrukshus på Julsundet. Mogleighetsstudien som kommunestyret vedtok i desember 2024 blir lagt fram i slutten av 2025. Det er ikkje er fatta vedtak i saka enno. Kommunedirektøren vel likevel å leggje inn eit beløp på 150 millionar kroner i økonomiplana, same beløp som ligg inne på Aukra idrettshall. Det er viktig å synleggjere den økonomiske effekten av framtidige ynskja investeringar. Det er berekna å låne ca. 422 millionar kroner i perioden. Ved fullt opptrekk vil avdrag og renter av nye investeringar kome på ca. 38 millionar kroner i året. I tillegg kjem auka driftskostnader. Eit realistisk anslag ligg på ca. 45 millionar i nye årlege driftskostnader. Desse må finansierast over drifta. Det vil krevje omstilling. Slik kommunedirektøren ser det har vi 1-2 år på å jobbe med omstilling inn mot budsjett- og økonomiplan 2028. Dette vil vere naudsynt for å greie å løfte investeringane Aukra idrettshall og Julsundet sambrukshus, samstundes som ein også skal planlegge for framtidige investeringar til sjukeheim/bufellesskap og fortsette avsetninga til fastlandsløysinga.

Kommunedirektøren ser at store investeringar gjer at den økonomiske situasjonen for kommunen vil bli meir krevjande i åra framover, men meiner det er mogleg å få til om det er politisk vilje til den omstillinga det vil krevje. I tillegg er det avgjerande at vi ikkje bygger større og dyrare enn det som no er avsett i økonomiplana. Det er nøkterne anslag, som vil krevje nøkterne planer, stram styring og klar prioritering innanfor ramma.

Drift

I fleire år har Aukra kommune hatt gode inntekter frå staten for å ta imot mange flyktningar. Kommunen har gjort dette på ein sær sars god måte. Framover planleggast det ikkje for å ta imot like mange, og det speglast av at "Andre inntekter" i budsjettet reduserast. Utan at vi so langt har lagt inn reduksjon i kostnadane. Fleire einingar ut over Eining for Innvandring & Integrering er styrka dei siste åra for å kunne ta imot flyktningar på ein god måte. Framover må vi jobbe for å gradvis ta ned att dei auka rammene. Slik det no er legg vi opp til å bruke meir enn vi får inn. Då bruker vi gradvis av disposisjonsfondet. Det er ikkje berekraftig på sikt.

Rammene til dei einskilde einingane finn de under "Budsjettvedtak" og "Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd". Om du ser under "Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan" og "Disponering av driftsramma" så finn du forslag til alle nye tiltak, både dei som er tilrådd og dei som ikkje er tilrådd.

Som allereie omtalt ser kommunedirektøren at det er naudsynt å omstille drifta, for å skape rom for nye investeringar som no ligg inne i økonomiplana og dei naudsynte endringane som vil kome på grunn av auka behov innan helse og omsorg.

Avslutning

Det er viktig at vi greier å sjå langt nok fram. Ikke berre her og no, ikkje berre kommande budsjettår eller den 4-årige økonomiplanperioden. Aukra kommune må stå fram som ein enda meir attraktiv kommune der både bedrifter og folk vil etablere seg. Eg trur at fastlandssamband, næringsutvikling, samfunnsutvikling og rekruttering blir særskild viktig framover. Kommunen sitt ansvar for den langsiktige samfunnsutviklinga er like viktig som tenestene vi gir i dag.

Med dette vert forslaget til budsjett og økonomiplan lagt fram for politisk behandling. I administrasjonen sitt arbeid med økonomiplana har vi funne rom til mykje, men ikkje alt. Vi måtte prioritere.

For kommunedirektøren er det kvart år eit mål å legge fram ein økonomiplan som også gir eit politisk handlingsrom. Om ein ynskjer å løfte dei store investeringane i nye bygg er dette rommet no meir avgrensa enn tidlegare år, og vi bereknar no å bruke av det generelle disposisjonsfondet for å halde drifta oppe på eit høgt nivå. Likevel vil Aukra kommune sine politikarar tross alt ha meir rom enn sine kollegar i dei andre kommunane i fylket, men det krev politisk prioritering.

No er budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 i dei folkevalde sine hender.

Lykke til med arbeidet!

Slik orienterer du deg i dokumentet

Litt om webdokumentet og orientering i dette

Enkelte tabellar og andre grafiske element i webdokumentet er "levande", noko som vil seie at dei har funksjonalitet der ein kan klikke seg vidare inn for å få fram fleire detaljar. Eksempel på dette er tabellen som visar driftstiltak, der ein kan klikke på tiltaksnamnet for å få fram beskriving av tiltaket og ei oversikt over heile økonomiplanperioda.

Inne i kvart kapittel finn innhaldsliste i venstre marg som viser hovudoverskriftene i kapittelet og ein kan klikke på overskriftene for å hoppe til dei. Innhaldslista er som webutviklarane i Framsikt kallar det "sticky" og blir værande til venstre uansett kor langt ned i kapittelet ein har scrolla. Dette gjer det enklare å orientere seg når kapitla er lange.

Budsjet 2023

Framsida /
Investeringar i budsjett og økonomiplan

Innhold på denne siden:

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Selvkost

Oversikt Investering og finansiering

Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2022-2025

Nye investeringar i økonomiplan 2023-2026

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringar

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Økonomiplan		
	2023	2024	2025
Kommunedirektør, politisk leing og serviceavdelinga			
ROR-IKT investeringar	475	995	995

Det er to innfallsportar til dei ulike delane av dokumentet. Dei er presentert både på framsida og i rullegardin meny oppe til høgre. Menyen oppe til høgre kan være grei å bruke når ein allereie er inne i eit kapittel og vil gå vidare til eit anna utan å måtte gå tilbake til framsida.

Budsjet 2023



Budsjett 2023
Økonomiplan med handlingsdel 2023-2026
Kommunedirektøren sitt forslag



Foto: Kjell Sten Brunes

Meny X

- Forside
- Kommunedirektøren har ordet
- Slik les du dokumentet
- Organisering, styring og verdier
- Budsjettvedtak
- Utvikling i befolkning
- Status og rammevilkår
- Drift i budsjett og økonomiplan
- Kjerringsundet
- Investeringar i budsjett og økonomiplan
- Økonomisk utvikling i planperioden
- Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan
- Vedlegg

Det er også mogleg å gjere søk på enkelte ord i søkefeltet oppe til høgre. Du vil da få fram ei liste over plassar i dokumentet der det ordet som blei søkt på nemnast.

Budsjett 2023

Disposisjonsfond

Meny



Budsjett 2023
Økonomiplan med handlingsdel 2023-2026
Kommunedirektøren sitt forslag


Foto: Kjetil Stian Brunes

Budsjett 2023

[← Tilbake til økonomiplanen](#)

Søkeresultater

Disposisjonsfond

SØK

Resultat : 17 treff.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Sti: Forside / Økonomisk utvikling i planperioden

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Sti: Forside / Økonomisk utvikling i planperioden

Disposisjonsfond er avsette midlar som seinare kan nyttast dersom kommune får uventa ikkje budsjetterte utgifter.

Disposisjonsfond per 31.12.2026

Sti: Forside / Hovedtala i forslag til budsjett og økonomiplan

Disposisjonsfond per 31.12.2026

Disposisjonsfond per 31.12.2023

Etter publisering blir dokumentet òg laga i Word-format som ligg ved politisk sak til handsaming. Framsikt legg til rette for dette, men funksjonalitet og lesarvenlegheit i Word-formatet er ikkje optimal, og ein mistar fleire av funksjonalitetane som ein har når ein les dokumentet på web. Framsikt informerer om at prioritering og utviklingsfokus vil være på å optimalisere publikasjon av dokument på web. For å få ein best mogleg lesaroppleving av budsjett og økonomiplanen er difor vårt råd å lese dokumentet på web. Trykk på lenka for å kome direkte til webversjon: [Budsjett 2026](#)

Informasjon på kvar enkelt sektor

Einingane er samla i sektorar og det er desse du vil finne under kapitla “Kommunen sine ramme- og tenestoområde”. Inne på kvar sektorside kan du klikke deg vidare inn på einingsnivå i menyen til venstre.

Budsjett 2026

← Tilbake til framside

Tenestoområde: **Organisasjonsutvikling**

Verksemd:

Stabssjef organisasjonsutvikling

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Økonomiavdelinga

Organisasjonsavdelinga

Innhald på denne sida:

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Tekst til måltabell

Fordeling på eining (tabell)

Omtale av sektoren

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Utfordringar og tiltak for kommande år

Organisasjonsutvikling

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

[Hovudmål \(Slik vil vi ha det\)](#)

Alle 1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad

1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid

Inne på kvar sektor finn ein sektorane sine handlingsprogram for å realisere kommuneplana sin samfunnsdel. Kvar sektor har skreve ein samla tekst for sine einingar knytt til omtale av sektoren, kva utvikling sektoren vil ha i økonomiperioda og kva utfordringar og tiltak som vil komme for året som kjem. I tabellen “Fordeling på eining” visast einingane sine totale rammer. For å sjå meir detaljert om kva som inngår i kvar av rammene, kan du klikke deg inn på einingsnivå til venstre i menyen. Da vil du få fram ein tabell som heiter “rammeoversikt”. Den viser kva tiltak som er tilrådd i budsjett og økonomiplan. For å lese beskrivelsen til tiltaka kan ein klikke seg inn på den blå teksten.



Søk...

Meny

← Tilbake til framside

← Tilbake til Organisasjonsutvikling

Tjenesteområde:
OrganisasjonsutviklingEining:
Kommunedirektør, politisk leiing og
serviceavdelinga

Innhald på denne sida:

Rammeoversikt

Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	23 648	23 648	23 648	23 648
Sum Vedtak forrige periode	-1 044	-758	-747	-747
Sum Budsjettendring i år	-479	-479	-479	-479
Konsekvensjusteringer	-1 523	-1 237	-1 226	-1 226
Konsekvensjustert ramme	22 125	22 411	22 422	22 422
Nye tiltak				
Endring i kontingent ROR-IKT	-66	0	0	0
Kontrollutvalet og Møre og Romsdal revisjon budsjett 2026-2027	70	74	74	74
Lokalt lønsoppgjer 2025	53	53	53	53
Sentralt lønsoppgjer 2025 - hellaarsverknad	43	43	43	43
Utviding av tiltaket "Avlevering og rydding av kommunen sitt arkiv"	500	0	0	0

Sum nye tiltak

Nye tiltak og realendringer

Ramme 2026-2029

(Sprettoppvindu) I 2022 fekk service innvilga midlar til prosjekt om rydding og avlevering av kommunen sitt arkiv til IKA Møre og Romsdal IKS. IKA har meldt tilbake til kommunen at dei ikkje blir ferdig med prosjektet som førespeglar. Prosjektet skulle vere aktivt i perioden 2022-2025, men etter melding frå IKA tidlegare i sommar, så viser det seg at dei må justere dato for ferdigstilling til utgangen av 2026. IKA har opplyst at det står igjen 68 hyllemeter som ikkje er ordna og at desse hyllemetra ikkje var ein del av opprinneleg kostnads-estimat gitt i 2022. Dette betyr at kostnadane for prosjektet aukar. IKA har estimert ein kostnad på kr. 479 720 basert på timespris i 2025. Timeprisen for 2026 vil auke med kommunal deflator. Det er viktig at IKA får ferdigstille dette prosjektet. Alternativt må kommunen ta tilbake 68 hyllemeter med arkiv og bruke egne ressursar til å ferdigstille dette.

Politiske spørsmål og svar

Merk: Nedanfor tas alle innkomne skriftlege spørsmål inn. Spørsmåla sendast på e-post til gerd.langoy@aukra.kommune.no.

Dei vert svara ut fortløpande so raskt administrasjonen rekk det. Det er ikkje mogleg å reservere seg frå at spørsmål og svar blir lagt ut her, men den som har sendt inn spørsmålet får også svar direkte i e-post. Om du har spørsmål til fleire tema/sektorar vil vi sette pris på ein e-post per tema. Slik vert oversikta over svar mest ryddig.

Frå:

Tema:

Spørsmål (dato):**Svar (dato):**

Organisering, styring og verdier

Visjon

Aukra kommune sin visjon er "Aukra - full av energi".



Verdier

Verdier seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Aukra kommune sine verdier vart til i 2012. Verdiane er:



Verdiane skal vere synlege i tale og gjerning. Verdiane skal prege og legge grunnlaget for korleis kommunen som samfunn og organisasjon skal arbeide og utvikle seg.

I 2025 vart Aukra kommune sin ARBEIDSGIVARPOLITIKK vedteken. Den tar utgangspunkt i våre verdier, og definerer den einskilde verdien slik:

Attraktiv: Vi skal tiltrekke oss personar med relevant kompetanse for dei oppgåvene vi skal løyse no og i framtida. Kommunar vil i aukande grad måtte konkurrere om arbeidskraftressursane. Vår arbeidsgivarpolitikk skal sikre at dei beste vel oss og blir stabile og dyktige arbeidstakarar.

Uredd: Vi er kjenneteikna av at vi er uredde og innovative. Vi søker nye idear til korleis vi best kan løyse samfunnsoppdraget vårt. Det er lov å prøve nytt og feile, så lenge ein lærer av det. Både leiarar og medarbeidarar har mot til å ta i bruk moglegheitsrommet i arbeidskvardagen.

Kvalitet: Alt vi gjer er tufta på solid kunnskap, informasjonsinnhenting og gode prosessar og involvering. Våre tilsette gjer kloke etiske vurderingar og er trygge i rolla si. Årlege einingsvise kompetanseplanar sørger for at medarbeidarane får nødvendig fagleg oppdatering.

Raus: Dei tilsette er den viktigaste ressursen vi har. Leiarane bryr seg om og tar vare på dei tilsette. Medarbeidarane bryr seg om leiaren og kollegaene. Vi etterspør og verdsett engasjement og gir moglegheiter til dei som ønsker utvikling og utfordringar.

Arbeidsglede: Å vere i arbeid gir god livsmeistring, og slik kan vi bli ein ressurs for oss sjølv, våre medmenneske og for kommunen. Å trivast i arbeid og å behalde arbeidet så lenge ein kan, er derfor eit hovudmål. Det gjer vi ved å skape arbeidsplassar der folk gler seg til å komme på jobb, og som fremmer helse.


I 2026 skal einingane jobbe med korleis verdiane kjem til uttrykk hos dei.

Politisk struktur

Kommunestyret har 21 medlemmar og er kommunen sitt øvste organ, og treff vedtak på vegne av kommunen, så langt ikkje anna følgjer av lov. Kommunestyret kan delegere mynde til å treffe vedtak til andre folkevalde organ, ordføraren eller kommunedirektøren innanfor rammene av kommunelova eller anna lov.

Aukra kommune sin politiske styringsstruktur er formannskapsmodellen. Formannskapet har 7 medlemmar, og er valt blant kommunestyret medlemmar. Utvalet spelar ei avgjerande rolle ved at det er plassert mellom fagutvala og kommunestyret i saksbehandlinga. Formannskapet innstiller til kommunestyret sitt vedtak i økonomisaker som er nemnt i kommunelova sin § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak. Formannskapet kan få tildelt vedtaksmynde i alle saker dersom ikkje noko anna følgjer av lov.

Politisk organisasjonskart 2023-2027




Administrativ struktur

Kommunedirektøren er leiar av kommunen sin administrasjon, og skal leie denne innanfor instruksar, retningslinjer eller pålegg som kommunestyret gjev. Kommunedirektøren skal sjå til at saker som blir lagt fram for folkevalt organ, er forsvarleg utgreidd, og utgreiinga gjev eit faktisk og rettsleg grunnlag for å treffe vedtak. Vidare skal Kommunedirektøren sjå til at vedtak som er treft av folkevalde organ, blir sett i verk utan ugrunna opphald. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare gjort greie for i kommunen sitt delegeringsreglement.

Kommunedirektøren har det løypande personalansvaret i administrasjonen, inkludert tilsetjing, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar.

Aukra kommune sin administrative organisering er skissert nedanfor.


Kommunedirektøren og kommunalsjefane fordeler faglege og strategiske utviklingsområde seg imellom. Kommunalsjefane opptre med kommunedirektøren sine fullmakter, og kan opptre på vegne av kommunedirektøren etter nærare avtale. Kommunedirektøren og kommunalsjefane utgjør kommunens strategiske leiargruppe, kalla «kommunedirektørteamet» (dei grønne boksane i organisasjonskartet).



Plan- og styringssystem

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Samfunnsdelen til kommuneplana vart vedteke i K-sak 11/19 den 05.02.19. Samandrag av plana er slik: Kommuneplanen sin samfunnsdel er eitt av dei mest grunnleggjande plandokumenta i kommunen. Det meste av kommunen sine aktivitetar har utgangspunkt i denne planen. Lovgrunnlaget for planlegginga er å finne i plan- og bygningslova med reglar for kommuneplanlegging og rulling av planprosessane i lengre og kortare «årshjul».



Figur 1. Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet.

Figur er teke fra [Miljødepartementet sin veileidar for Kommunal planstrategi](#).

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen. Handlingsdelen er fireårig, og har såleis ein kortare planperiode enn samfunnsdelen. Tilhøve som samfunnsdelen ikkje «såg», kan handlingsdelen ta opp i seg. Handlingsdelen til kommuneplanen i plan- og bygningslova er no samordna med reglane om økonomiplan og årsbudsjett i kommunelova § 14-42. I Aukra kommune sitt plansystem er ikkje handlingsdelen eit eige plandokument, men samlinga av måla og strategiane i samfunnsdelen.

Utarbeidd økonomiplan skal etter ny kommunelov og fungere som handlingsdel etter plan- og bygningsloven §§ 11-1 og 11-4.

Aukra kommune sin samfunnsdel av kommuneplanen finn du ved å følgje lenka

her: <https://aukra.custompublish.com/kommuneplanen-sin-samfunnsdel.5880882-364954.html>

FN's bærekraftsmål og kommunen sin målstruktur

FNs bærekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. For å oppnå måla må alle land i verda bidra, også heilt ned på kommunenivå. Måla har dermed stor innverknad på norsk politikk, både i kommunar og lokalsamfunn og nasjonalt.

Nasjonale forventningar til regional og kommunalplanlegging 2019-2023 (<https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-bm.pdf>) seier følgjande om kommunane si rolle i realiseringa av FN sine bærekraftsmål:

«Fylkeskommuner og kommuner er nøkkelaktører for å realisere en bærekraftig samfunnsutvikling og realisering av bærekraftsmålene i Norge. De er nærmest befolkningen, lokale bedrifter og organisasjoner. Samtidig er de ansvarlig for mye av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påvirker befolkningens levekår og utviklingsmuligheter.»

Nedanfor ser du ei oversikt over FN sine bærekraftsmål.



For å lese meir om kvart av FN sine bærekraftsmål og korleis regjeringa arbeidar med dei på nasjonalt plan, kan du trykke på lenka her: <https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/id2590133/>

Målstrukturen i Aukra kommune er delt inn i fleire målnivå. Heilt overordna er FNs bærekraftsmål. Vidare består kommunen sin målstruktur av 8 satsingsområde, der kvart satsingsområde er delt inn i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og deretter delmål (omtalt "slik gjer vi det"). I tillegg til desse har kommunen gjennomgåande perspektiv knytt til folkehelse og samfunns-tryggleik.

Kommuneplana sin samfunnsdel vart vedteke i K-sak 11/19 den 5. februar 2019 og gjeld i perioda 2019-2030. Der vart desse 8 satsingsområda fastsett:

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen
- Fornyng, forenkling og forbedring

- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvaltning
- Klima og miljø

Kvart satsingsområde er som nemnt brote ned i hovudmål (omtalt "slik vil vi ha det") og delmål (omtalt "slik gjer vi det"). Enkelte av hovudmåla til kommunen kan knytast til FN's berekraftsmål, og skal bidra til å oppnå måla frå kommunalt nivå. For å sjå hovudmåla og kven av dei som er knytt til FN's berekraftsmål kan du klikke deg inn i kvart satsingsområde. I hovudsak er desse FN's berekraftsmål valt:



For å realisere måla kommunen har sett seg har kvar sektor valt seg ut hovudmål og delmål som dei skal jobbe med i økonomiplanperioden (2026-2029). Desse kan du sjå ved å klikke deg inn på kvart sektorområde.

Gjennomgåande perspektiv

Folkehelse og samfunnstryggleik	Slik vil vi ha det (mål):	Slik gjer vi det (gjennomføringsstrategi):
	Aktiv innsats for å identifisere folkehelseutfordringar	• Årleg gjennomgang av kommunen sin folkehelseprofil og utfordringsbiletet som følgjer av denne.
	Aukra skal vere ein sikker kommune.	• Aukra kommune skal til ei kvar tid ha gode system og rutinar for beredskap.
		• Årlege revisjonar av krise og beredskapsplanverk.
		• Årlege øvingar av kriseberedskap.
		• I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å forebygge uhell, ulykker og naturbaserte uønskete hendingar.
		• Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.
	Aukra kommune skal ha ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private, frivillige og offentlege aktørar	• Arbeide kontinuerleg med å avdekke og følgje opp risikoområde
		• Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) ein gong i kvar valperiode.
		• Aukra kommune skal ha gode rutinar for informasjon og varsling i forkant av hendingar og kriser

Status og oppfølging av satsingsområde

Plansystemet og -strukturen er lagt opp slik at operasjonalisering/tiltak vert tatt inn/vurdert i den årlege budsjett- og økonomiplanprosessen.

Såleis er oppfølging av satsingsområda i kommuneplana ein årleg prosess fram til 2030.

Med verktøyet Framsikt vil oppfølging av kommuneplana sine mål og satsingar ha ei systematisk oppfølging, ved at alle "Slik gjer vi det" vert tildelt eit ansvar i organisasjonen.

Kvart av satsingsområda i kommuneplana vil krevje ytterlegare konkretisering og operasjonalisering. Såleis er Omsorgsplanen, Barne- og ungdomsplanen, Klima- og miljøplan basert på vedteke kommuneplan. Desse inneheld ytterlagare konkretisering av moglege tiltak.

Menneskelege ressursar

Aukra kommune er ein stor organisasjon med arbeidsgjevaransvar for om lag 450 fast tilsette. I tillegg kjem mellom anna vikarar, timelønna, lærlingar, studentar og praksiskandidatar. Vi har lav turnover, stabile medarbeidarar og leiarar.

Arbeidsgivarpolitikk

Hausten 2025 fekk Aukra kommune for fyrste gang ein heilskapleg arbeidsgivarpolitikk, som skal bidra til at vi saman når måla i samfunnsoppdraget. Den er utarbeid i samarbeid mellom partane og vedtatt av kommunestyret. Dette er plattformen vår for å skape gode velferdstenester. Dei viser kva verdiar som skal prege god og effektiv leiing og medarbeiderskap. Arbeidsgivarpolitikken er dei overordna prinsippa og verdiane som beskriv haldningar og handlingar som vi utøver dagleg.

I arbeidsgivarpolitikken tek vi utgangspunkt i verdiane våre:

Attraktiv

Uredd

Kvalitet

Raus

Arbeidsglede

Arbeidsgivarpolitikken bygger på anerkjent forskning om kva faktorar som er av avgjerande betydning for resultat og arbeidsmiljø. Den sett søkelys på å rekruttere og behalde medarbeidarar, organisasjonskultur og driftsnært og utvida partssamarbeid.

I det vidare arbeidet med å gjere arbeidsgivarpolitikken levande og dynamisk, vil vi forankre den i alle ledd i organisasjonen slik at den blir noko alle kjenner seg igjen i og er stolte av å etterleve.

Kompetanseutvikling og rekruttering

Kommunen har svært mykje god kompetanse. Kompetanse må nyttast på rett måte og vidareutviklast for å møte behova. Vi skal ha kompetanseplanar som bidreg til utvikling av kunnskap, ferdigheiter, haldningar og evner. Det gir oss eit grunnlag for å skape en dynamisk organisasjon som er budd på endringar. Vi vil legge til rette for læring og utvikling. Den beste kompetanseutviklinga skjer gjennom det daglege arbeidet og mellom kollegaer. Denne forma for læring må verdsettast høgt. Kommunen har eige fond for rekruttering, utvikling og omstilling.

Heiltidskultur

Det har over lang tid vore fokus på heiltidskultur. Heiltidskultur betyr betre kontinuitet, meir stabile tenester og meir effektiv ressursbruk. Heiltid styrker arbeidsmiljøet og bidrar til likestilling. Stillingar skal i hovudsak lysast ut som heile stillingar.

Nærvær og fråvær

Høgt nærvær er ein av faktorane som må være på plass for at vi skal kunne levere tenestene på ein god måte. For å få til det vil vi rette innsatsen mot områder ein gjennom forskning veit påverkar nærværet.

Vi vil jobbe på overordna nivå, i den enkelte eining og med tilsette. Leiar- og medarbeidarutvikling, AMU, lokale HMS-grupper, gode verktøy for styring og god samhandling med tillitsvalde og vernetenesta er viktig.

Måltalet for fråværet er 6,12%.

Budsjettvedtak

Formannskapet si innstilling

1. Driftsbudsjettet 2026 og økonomiplana sin driftsdel for 2026 – 2029 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, første ledd», og «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, andre ledd»
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å foreta budsjettendringar i kurante saker. Dette omfattar blant anna endringar i oppgåvefordeling, fordeling av andre fellesutgifter der fordeling ned på det enkelte område ikkje er kjent ved utarbeiding av budsjettet, fordeling av budsjettert lønsbuffer, flytting av tenestetilbod frå eit område til eit anna, og oppretting av feil som blir oppdaga og som ikkje har prinsipiell betyding.
3. Investeringsbudsjettet 2026 og økonomiplana sin investeringsdel for 2026 – 2029 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, første ledd», med løyvingar til dei prosjekt som går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, andre ledd»
4. Det blir vedteke å ta opp lån i 2026 med kr 41 000 000,- til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva, tilskot, salsinntekter og ubrukte lånemidlar er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med kr 30 000 000,-. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp lån, velja långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetida.
5. For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglene for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. esktl. § 4 tredje ledd.
6. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Aukra kommune, vedteke i kommunestyret den 09.10.2018, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl § 10.
8. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.
9. Nye satsar for gebyr på kommunen sine varer og tenester blir vedteke slik det går fram av kapittelet gebyrliste. Gebyrlista må bli oppdatert med vedtekne innmeldte tiltak som påverkar gebyr/brukarbetaling.

Kommunedirektøren sitt forslag

1. Driftsbudsjettet 2026 og økonomiplana sin driftsdel for 2026 – 2029 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, første ledd», og «Løyvingsoversikt – drift, etter § 5-4, andre ledd»
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å foreta budsjettendringar i kurante saker. Dette omfattar blant anna endringar i oppgåvefordeling, fordeling av andre fellesutgifter der fordeling ned på det enkelte område ikkje er kjent ved utarbeiding av budsjettet, fordeling av budsjettert lønsbuffer, flytting av tenestetilbod frå eit område til eit anna, og oppretting av feil som blir oppdaga og som ikkje har prinsipiell betyding.
3. Investeringsbudsjettet 2026 og økonomiplana sin investeringsdel for 2026 – 2029 blir vedteke slik det går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, første ledd», med løyvingar til dei prosjekt som går fram av «Løyvingsoversikt – investering, etter § 5-5, andre ledd»
4. Det blir vedteke å ta opp lån i 2026 med kr 41 000 000,- til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva, tilskot, salsinntekter og ubrukte lånemidlar er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med kr 30 000 000,-. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp lånet, velja långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetida.
5. For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglene for petroleum, jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. Utskrivingsalternativet omfattar også flytande oppdrettsanlegg i sjø, jf. esktl. § 4 tredje ledd.
6. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd.
7. Takstvedtekter for eigedomsskatt i Aukra kommune vedteke i kommunestyret den 09.10.2018, skal gjelde for eigedomsskatteåret 2026, jf. esktl § 10.
8. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar med forfall 15. april og 15. oktober i skatteåret.
9. Nye satsar for gebyr på kommunen sine varer og tenester blir vedteke slik det går fram av kapittelet gebyrliste. Gebyrlista må bli oppdatert med vedtekne innmeldte tiltak som påverkar gebyr/brukarbetaling.

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Rammetilskot	-152 477	-166 525	-165 543	-177 019	-180 365	-183 178	-184 299
Inntekt- og formuesskatt	-128 720	-141 055	-150 055	-161 342	-163 318	-165 226	-167 014
Eigedomsskatt	-260 415	-259 721	-267 071	-267 071	-267 071	-267 071	-267 071
Andre generelle driftsinntekter	-67 905	-54 463	-59 863	-65 329	-46 149	-46 203	-28 470
Sum generelle driftsinntekter	-609 518	-621 764	-642 532	-670 761	-656 903	-661 678	-646 854
Korrigert sum løyvingar drift, netto	426 956	437 286	453 529	492 799	480 650	490 081	497 498
Avskrivningar	53 660	53 652	53 652	52 670	51 831	51 831	51 831
Sum netto driftsutgifter	480 616	490 938	507 181	545 469	532 481	541 912	549 329
Brutto driftsresultat	-128 902	-130 826	-135 351	-125 292	-124 422	-119 766	-97 525
Renteinntekter	-53 163	-20 783	-36 783	-45 906	-50 886	-55 317	-59 988
Utbytte	-1 334	-1 682	-1 682	-5 271	-5 988	-6 752	-7 562
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-47 390	-44 329	-31 329	-37 904	-43 061	-48 551	-54 383
Renteutgifter	35 079	35 039	35 455	34 461	35 296	40 501	45 693
Avdrag på lån	30 290	32 284	32 284	33 663	36 153	41 271	46 683
Netto finansutgifter	-36 518	529	-2 055	-20 957	-28 486	-28 848	-29 557
Motpost avskrivningar	-53 660	-53 652	-53 652	-52 669	-51 831	-51 831	-51 831
Netto driftsresultat	-219 080	-183 949	-191 058	-198 918	-204 739	-200 445	-178 913
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	5 040	5 040	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	1 157	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-4 735	0	-647	0	0	0	0
Avsetningar til disposisjonsfond	222 658	190 309	198 065	211 281	217 377	234 343	241 673
Bruk av disposisjonsfond	0	-11 400	-11 400	-12 363	-12 638	-33 898	-62 760
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	219 080	183 949	191 058	198 918	204 739	200 445	178 913
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	30 741	23 648	23 180	22 725	22 581	22 592	22 592
Økonomiavdelinga	13 438	9 410	9 960	9 933	9 933	9 933	9 933
Organisasjonsavdelinga	4 811	5 777	6 009	6 244	6 244	6 244	6 244
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	55 095	10 909	13 575	12 061	11 011	11 011	11 011
Gossen barne og ungdomsskole	2 876	45 990	55 046	52 518	50 530	49 601	49 497
Julsundet skole	28 833	26 385	32 750	33 827	32 136	30 977	30 625
Barnebo barnehage	22 620	28 721	29 151	27 717	26 845	26 845	26 845
Bergetippen barnehage	17 844	20 143	21 406	23 704	22 776	21 235	21 235
Innvandring og integrering	26 704	26 156	29 106	28 199	27 849	27 849	27 849
Kultur	16 337	17 942	17 162	18 544	18 206	18 166	18 166
NAV Aukra	10 747	9 962	10 077	7 890	7 162	7 162	7 162
Barnevern	9 738	10 540	11 540	10 540	10 540	10 540	10 540
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	0	1 261	1 585	3 768	3 768	3 768	3 768
Institusjon og butenester	72 170	65 072	77 315	79 453	77 576	77 880	77 580
Tenester til heimebuande	38 673	38 112	37 514	37 828	36 956	36 924	36 924
Helse	21 500	22 818	23 414	25 406	25 246	25 246	25 246
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	0	8 413	9 513	9 138	9 192	8 442	8 392
Tekniske tenester	37 576	43 075	41 835	46 176	38 866	41 147	40 124
Overføringer	17 455	29 927	32 407	30 567	30 567	30 567	29 737
Felles inntekter/utgifter	-6 699	-7 475	-32 664	5 762	11 568	22 853	32 930
Frie inntekter, finans og disponering	2 121	500	3 001	800	1 100	1 100	1 100
Sum løyvingar drift, netto	422 580	437 286	452 882	492 799	480 650	490 081	497 498
Av dette:							
Avskrivinger	53 660	0	0	0	0	0	0
Motpost avskrivninger	-53 660	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	1 157	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-4 735	0	-647	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	153	0	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-950	0	0	0	0	0	0
Korrigert sum løyvingar drift, netto	426 956	437 286	453 529	492 799	480 650	490 081	497 498

Kommentar løyvingsoversikt drift etter § 5-4 andre ledd

Frå 01.01.2025 vart ny organisasjonsstruktur etablert. I samband med arbeidet knytt til omlegging til ny struktur fekk Gossen barne og ungdomsskole grunnskole nytt ansvarsnummer og Kommunalsjef og fagstab tok over Gossen barne og ungdomsskole grunnskole sitt nye ansvarsnummer. Gossen barne og ungdomsskole SFO har same ansvarsnummer som før.

På grunn av dette viser rekneskap 2024 for Kommunalsjef fagstab oppvekst og kultur beløp knytt til Gossen barne- og ungdomsskole , mens rekneskap 2024 for Gossen barne- og ungdomsskole viser beløp berre knytt til SFO.

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Investeringar i varige driftsmidlar	33 832	59 978	57 163	96 545	113 265	189 600	125 000
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	1 070	900	1 148	1 100	1 100	1 100	1 100
Utlån av eigne midlar	0	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	34 902	60 878	58 311	97 645	114 365	190 700	126 100
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 899	-7 344	-6 401	-14 134	-15 771	-36 920	-24 120
Tilskot frå andre	-6 384	-12 251	-6 371	-8 120	-240	-240	-240
Sal av varige driftsmiddel	-7 045	-1 610	-3 347	-3 810	-1 110	-1 100	-1 100
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av eigne middel	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-19 574	-29 162	-31 681	-71 581	-97 244	-152 440	-100 640
Sum investeringsinntekter	-34 902	-50 367	-47 799	-97 645	-114 365	-190 700	-126 100
Vidareutlån	24 099	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Bruk av lån til vidareutlån	-24 099	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Avdrag på lån til vidareutlån	3 660	4 719	4 535	6 005	7 297	8 591	9 800
Mottatte avdrag på vidareutlån	-6 959	-4 719	-4 535	-6 005	-7 297	-8 591	-9 800
Netto utgifter vidareutlån	-3 298	0	0	0	0	0	0
Overføring frå drift	0	-5 040	-5 040	0	0	0	0
Avsetningar til bundne investeringsfond	5 546	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-2 248	0	0	0	0	0	0
Avsetningar til ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	-5 471	-5 471	0	0	0	0
Dekning av tidlegare års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	3 298	-10 511	-10 511	0	0	0	0
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0	0	0

Løyvingsoversikt investering etter § 5-5 andre ledd

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Store							
Julsundet sambrukshus	0	2 000	2 000	0	0	50 000	100 000
Aukra Idrettshall	0	2 000	2 000	3 000	47 000	100 000	0
Riksfjord stadion - Friidrettsanlegg og kunstgressdekke	177	4 500	1 287	30 000	0	0	0
Sanering av fråflytta formålsbygg	0	5 000	500	4 500	5 000	0	0
Bergland - Ombygging	896	11 500	15 695	688	0	0	0
Veg og industriareal på fastlandet	149	500	500	3 704	7 350	0	0
Tiltak i hovedplan vatn	6 055	0	592	0	4 000	0	0
Tiltak i hovedplan avløp	2 875	8 150	15 084	3 300	2 200	0	0
Oppgradering av garderober brannstasjon	7 480	0	0	0	0	0	0
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	0	5 000	2 000	10 500	7 500	0	0
Gang- og sykkelveg Rød - Øterhals	0	700	350	13 350	0	0	0
'Buffer' investeringsutgifter	0	0	0	0	15 000	24 000	20 000
Oppfølging bustadpolitisk plan	0	0	0	0	5 000	10 000	0
Sum Store	17 632	39 350	40 008	69 042	93 050	184 000	120 000
Små							
Rulleringsplan for PC-ar til politikarane	319	0	0	0	380	0	0
ROR-IKT investeringar	422	718	718	590	590	590	590
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	941	1 000	1 059	1 000	1 000	1 000	1 000
Oppgradering av aksesspunkt i kommunen	82	0	0	0	0	0	0
Ny lydanlegg i Auditoriet GBU	189	0	0	0	0	0	0
GBU Båtplass - Juvika Småbåthavn	15	0	0	0	0	0	0
Innkjøp elevstolar til hele avdelingen - GBU	0	150	218	0	0	0	0
Bil til praktisk læringsarena GBU	0	700	700	0	0	0	0
GBU - Oppgradering av utelys	0	500	500	500	500	0	0
Takoverspring Julsundet skole	15	0	0	0	0	0	0
Kjøleanlegg Julsundet	36	1 200	1 200	0	0	0	0
Garderobeskap småskolen ved Julsundet skole	260	0	0	0	0	0	0
Juls. Skole - Fjellbrønnar	0	0	0	1 500	0	0	0
Etablering av praktisk læringsarena ved Julsundet skole	304	250	296	0	0	0	0
Bil til praktisk læringsarena JUSK	0	700	700	0	0	0	0
Furutun - Oppgradering av kjøkken	0	170	100	470	0	0	0

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Oppgradere uteområdet på Furutun	0	450	450	0	0	0	0
Foldedør Bergetippen	74	0	0	0	0	0	0
Oppgradering av lyddemping ved Bergetippen barnehage	0	160	160	0	0	0	0
Kommunal eigenandel for spelemidler	0	600	600	600	600	600	600
Tursti - Løvik Kystfort til Løvikremma	769	0	0	0	0	0	0
Kystgardmuseum							
Gardin mellom bibliotek og foaje - Kulturhus	0	0	125	0	0	0	0
Aukra kulturhus - Utbetring Symjebasseng	53	0	46	0	0	0	0
Aukra kulturhus - utbetring inneklime	94	0	16	0	0	0	0
Kulturhus - rekkverk og andre manglar	350	0	0	0	0	0	0
Streaming fra Kirka til AOS	41	0	0	0	0	0	0
Pumpe for trykkauke i omsorgssenteret	126	0	0	0	0	0	0
Bilar - heimetenester	1 847	410	0	820	410	600	0
Sal av ambulansebåt	188	0	0	0	0	0	0
Investering (tryggleik) Nav Aukra 2024	416	0	0	0	0	0	0
Ekstern bistand til revisjon av hovedplan vatn	0	200	200	0	0	0	0
Kommunehuset - Tilpassingar til fjernvarme	352	5 850	150	5 700	0	0	0
Utbetring VA (Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen	0	400	400	1 500	1 500	1 500	1 500
VA Fanghol bustadområde	0	2 700	1 500	1 200	0	0	0
Arbeidsbilar - Tekniskavdelinga	547	795	795	800	650	0	0
Ambulansekai	2 494	0	0	0	0	0	0
Generelle investeringar vatn	480	625	625	600	600	700	700
Tiltak i Tverrlia	0	500	500	1 500	1 000	0	0
Generelle investeringar avløp	246	800	800	600	600	600	600
Gbn: 8/4/0/0/2 - Avløp	0	200	200	2 500	0	0	0
HMS-tiltak i pumpestasjonar	0	200	200	0	0	0	0
Oppgradering av kloakk til Aukravegen 95	0	200	200	0	0	0	0
Ombygging av garderober for arbeid med vatn og avløp	0	300	300	0	0	0	0
Felles toppsystem alle kommunale bygg	266	0	827	700	0	0	0
Skifte av 2G og 3G-sendarar	47	0	0	0	0	0	0
Skilting på kulturhuset og omsorgssenter	39	0	61	0	0	0	0
To forsterka bustader	0	0	0	200	4 000	0	0
Pumptrack Julsundet	3 937	0	1 212	0	0	0	0
Riksfjord stadion - Spyleplass	0	0	0	500	0	0	0
Aukratun - utbetring av manglar	513	500	500	0	0	0	0
Sykkelskur Aukratun 2024	0	0	100	0	0	0	0
Veglys i Skogvegen	0	100	100	0	0	0	0

Økonomiplan for 2026-2029

	Rekneskap 2024	Opph. budsjett 2025	Rev. budsjett 2025	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Lagerhall for kommunalteknisk utstyr	0	250	250	0	0	0	0
Sal av tomter frå kommunale bustadfelt	707	0	35	40	10	10	10
Sal av tomter frå industri-/næringsområder	34	0	0	0	0	0	0
Høgdebasseng	0	0	0	200	7 750	0	0
Tilpassing av kommunehuset etter krav om universell utforming	0	0	350	0	0	0	0
Ultralydapparat Legekontoret	0	0	463	0	0	0	0
Tabellen ovanfor inkluderer ikkje heilårsverknad for lønsoppgjer 2025. Budsjettert lønsbuffer for 2025 var 7,014 mill. kroner. Resultatet av lønsoppgjer 2025 endte på 8,662 mill. kroner. Det er utgjert i ei auke i budsjett på 1,648 mill. kroner årleg, i tillegg til dei nye budsjettendringane som visast i tabellen ovanfor.

Oversikt budsjettendringar frå første og andre tertial 2025

Oversikt budsjettendringar frå første og andre tertial 2025

Beløp i 1000 kr

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Endringskode (kode)
Bergetippen barnehage	Friluftsgruppe	1 541	0	0	0	7
Gossen barne og ungdomsskole	Auka behov og justerte tal i budsjettmodell	4 000	3 875	3 864	3 760	7
Gossen barne og ungdomsskole	Ny elev med vedtak	841	841	841	841	7
Gossen barne og ungdomsskole	Omstillingspott skoleår 25/26	888	0	0	0	7
Gossen barne og ungdomsskole	Romsdalsløypa, auka driftskostnader for å dekke kick-off 15.sept 2025, pluss årskort symjing for 1.klassingar 2025 og 2026	26	26	26	26	7
Helse	Interkommunal legevakt	500	500	500	500	7
Helse	Økt stilling ALIS	331	0	0	0	7
Helse	Vaksinasjonskontor	160	160	160	160	7
Innvandring og integrering	Avdelingsleiar i 40% i vaksenopplæringa	68	68	68	68	7
Innvandring og integrering	Del av kulturformidlarstilling 40%	325	325	325	325	7
Innvandring og integrering	Nye tiltak i eining for innvandring og integrering	750	400	400	400	7
Institusjon og butenester	Auka behov for saksbehandlar i forvaltningsteam	530	530	530	530	7
Institusjon og butenester	Auka bemanning Aukra omsorgssenter	2 009	2 009	2 309	2 009	7
Institusjon og butenester	Auke bemming Aukra Omsorgssenter	2 643	2 643	2 643	2 643	7
Institusjon og butenester	Endring budsjett Butenesta	6 000	6 000	6 000	6 000	7
Institusjon og butenester	Indeksregulering kostnader Hollingsholm Gård	230	230	230	230	7
Institusjon og butenester	Løn Einingsleiar	592	592	592	592	7
Julsundet skole	Auka behov og justerte tal i budsjettmodell	5 364	5 364	5 364	5 364	7
Julsundet skole	Romsdalsløypa, auka driftskostnader for å dekke kick-off 15.sept 2025, pluss årskort symjing for 1.klassingar 2025 og 2026	26	26	26	26	7
Julsundet skole	Språkassistent flyktningar.	1 086	1 086	1 086	1 086	7
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	Oppretting av kvalitetsrådgjevar i stab	1 295	1 295	1 295	1 295	7
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	Kjøp av skoleplassar	1 050	0	0	0	7
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	Utvida psykologressurs	785	785	785	785	7

Økonomiplan for 2026-2029

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Endringskode (kode)
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	Utviding av stab Oppvekst og kultur - psykologressurs	380	380	380	380	7
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Overføring av ramme til kommunalsjef samfunnsutvikling: Aukra næringsforum	500	500	500	500	7
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Medlemskap i Vest-Norges Brusselkontor	21	21	21	21	7
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Overføring av ramme til kommunalsjef samfunnsutvikling: Aukra næringsforum	-500	-500	-500	-500	7
Kultur	Tilskot til velforeningar og grendalag for drift og vedlikehald av toalettanlegg og friluftsområde	40	40	40	40	7
Økonomiavdelinga	Verksemdstyring - nye modular i Framsikt	267	267	267	267	7
Organisasjonsavdelinga	KS-kontingent	250	250	250	250	7
Overføringer	GassROR iks - auka tilskot	830	830	830	0	7
Tekniske tenester	Forbikøringsfelt og lys - kryss Julsundet (Holmedalen/Breiløkveien) flytting til 2026	1 300	0	0	0	7
Tekniske tenester	Skotpremie på mink	30	30	30	30	7
Tenester til heimebuande	Anskaffelse av telefoner på på grunn av manglende internminne	100	0	0	0	7
Tenester til heimebuande	Lønn Einingsleiar	-592	-592	-592	-592	7
Tenester til heimebuande	Utsifting av tryggleiksalarmar utsettes til 2026	400	0	0	0	7
Totalsum		34 066	27 981	28 270	27 036	

Oversikt innmeldte ynskja budsjettendringar som ikkje er prioritert

Oversikt innmeldte ynskja budsjettendringar som ikkje er prioritert

Beløp i 1000 kr

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Endringskode (kode)
Bergetippen barnehage	Assisterande styrar frå 70% - 100% stilling	241	241	241	241	41
Gossen barne og ungdomsskole	Avdelingsleiar, fremmedspråklege elevar	430	250	0	0	41
Gossen barne og ungdomsskole	Lærebøker	300	0	0	0	41
Institusjon og butenester	Auka kostnader på matvarer i 2026 - Kjøkken	400	400	400	400	41
Institusjon og butenester	Auke i lønskostnader 2026 Institusjon	2 539	2 539	2 539	2 539	41
Institusjon og butenester	Reversere innsparingstiltak - Redusere kostnader pr.	1 450	2 399	2 399	2 399	41

Økonomiplan for 2026-2029

Org nivå 3	Tiltak	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Endringskode (kode)
	opphåldsøgn i Bu- og habilitering					
Institusjon og butenester	Reversere innsparingstiltak Institusjon - Redusere kostnader pr. opphåldsøgn i institusjon;	350	750	750	750	41
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	Miljøfyrtårn-sertifisering	100	40	40	40	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Innbyggjarapp	200	30	30	30	41
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	Pott for stimulering av tiltak for å ta imot tilsette som treng ekstra oppfølging	500	0	0	0	41
Overføringer	Budsjettinnspel Aukra Sokn - Tilskot kyrkeleg formål 2026-2029	617	147	147	147	41
Tekniske tenester	Digitalisering av historiske ortofoto	0	271	0	0	41
Tekniske tenester	Furutun - Bytte av lysarmaturer	225	525	0	0	41
Tekniske tenester	Gartneravtale	100	100	100	100	41
Tekniske tenester	Helsesenteret - Bytte av lysarmatur	200	500	0	0	41
Tekniske tenester	Utleigebustader - Falkhyttrøra 1 A og B	400	200	0	0	41
Tekniske tenester	Vedlikehald stien mellom GBU og Aukra Idrettspark	75	75	75	75	21
Totalsum		8 127	8 467	6 721	6 721	

Kommunedirektøren sin kommentar til ikkje prioriterte budsjettendringar drift

Innleiing

Det må understrekast at det kjem mange ynskje til budsjettendringar som isolert sett kunne vore tilrådd, men summen av alle ynskja er rett og slett ikkje tilrådeleg. Kommunedirektøren har gjort ein prioritering av kva tiltak som vert anbefalt å ta med (sjå Oversikt over nye tilrådde budsjettendringar). I Aukra kommune er vi van med å gje rammeauke til nye og auka tiltak. I andre kommunar må ein i langt større grad finne rom for auka behov og nye tiltak innanfor den ramma ein allereie har, eller til og med finne rom innanfor ei redusert ramme. I Aukra kommune må vi no trene oss opp til å lage rom for nye tiltak innanfor tildelt ramme. Det krev prioritering.

Nedanfor vert tiltaka som ikkje er prioritert kort grunngjeve:

Assisterande styrar frå 70%-100% stilling – Bergetippen barnehage

Om eininga ynskjer å prioritere å auke stillinga opp til 100% må ein søkje å finne rom for dette innanfor dagens ramme. Eininga si ramme er betydeleg auka dei siste to åra.

Avdelingsleiar, fremmedspråklege elevar – Gossen barne- og ungdomsskole (GBU)

Om eininga ynskjer å prioritere ei slik styrking i begrensa tid (2026 og halve 2027) må ein fyrst og fremst søkje å finne rom for dette innanfor dagens ramme. Eininga si ramme er pt utmåla langt over det som skolemodellen bereknar, blant anna på grunn av utfordringane med mange framandspråklege elevar. Ramma til GBU er auka frå kr 50,9 millionar i forbruk i 2024, til kr 55,0 millionar i prognose 2025 (+8,0%).

Utmåla ramme for budsjett 2026 er no på kr 52,5 millionar (-4,5%). Samstundes vert det no planlagt at eininga for Innvandring & Integrering tek over innføringsklassen igjen frå hausten (og ramma til I&I vert styrka på grunn av det).

Lærebøker – Gossen barne- og ungdomsskole

Lærebøker ligg i utgangspunktet innanfor berekninga i skolemodellen, så ein må søkje å finne ei løysing på dette behovet innanfor eige ramme. Skulen fekk også kr 300 tusen til lærebøker i budsjettendringa 1.tertial 2025.

Auka kostnader på matvarer 2026, kjøkken - Institusjon og butenester

Auka kostnader på matvarer må fyrst og fremst dekkast av auka priser på sal av mat.

Auke i lønskostnader 2026 + Reversering av innsparingstiltak - Institusjon og butenester

Alle tre tiltaka går på den samla ramma for Institusjon og butenester. Dette er eit tenesteområde som vil krevje mykje av oss i åra framover, og må driftast godt og effektivt fram mot ei framtid med stadig fleire eldre. Det visast blant anna til kartlegginga som er gjort i sak «Framtidig behov for helse- og omsorgstenester i Aukra kommune» som no er sendt til politisk behandling, men også til analysane frå Agenda Kaupang i 2023.

Tenesteområdet har fått betydeleg auke i ramma i løpet av 2025, frå kr 72,2 millionar i forbruk i 2024, til kr 77,3 millionar i prognose 2025 (+7,0%) til 79,5 millionar foreslått i dette budsjettet for 2026 (+2,8%).

Merk at eininga i tillegg vil bli kompensert for auke i løn når lønnsoppgjeret er i hamn i 2026.

Kommunedirektøren ser ikkje moglegheit til å auke ramma meir, og meiner elles at noko reversering indirekte allereie er tatt høgde for i og med at ein har justert ramma i budsjettendringane både i 1.tertial og 2.tertial i 2025. Ein må no ha fokus på å drifte eininga innanfor dei rammene som vert tildelt.

Miljøtårn-sertifisering – Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling

I prioritering av ressursar, både pengar og tidsbruk, vert ikkje dette prioritert no.

Innbyggjarapp – Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Blant prioritering av mange ting vert dette ikkje prioritert no.

Pott for stimulering av tiltak til å ta imot tilsette som treng ekstra oppfølging – Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga

Viktig tiltak, men vi må jobbe for at einingane skal prøve å ta eit so viktig samfunnsansvar innanfor eiga ramme utan ekstra «gulrot».

Budsjettinnspel Aukra Sokn, Tilskot formål – Overføringar

Eit av tiltaka som ikkje vert prioritert no. Ramma til Aukra Sokn vart auka i 2024.

Fleire tiltak innan tekniske tenester:

Digitalisering av historiske ortofoto + Furutun bytte av lysarmatur + Gartneravtale + helsesenter bytte av lysarmatur + utleigebustader Falkhyttøra

Blant alle tiltaka frå teknisk avdeling nådde ikkje desse tiltaka opp i prioriteringa i budsjettarbeidet, og er difor ikkje tilrådd i kommunedirektøren sitt forslag.

Vedlikehald stien mellom GBU og Aukra idrettspark

Dette tiltaket er driftskonsekvensane knytt til investeringa i å ruste opp stien. Kommunedirektøren foreslår ikkje å gjennomføre dette tiltaket (sjå Oversikt innmeldte ønska investeringstiltak som ikkje er prioritert). I so fall fell også driftskonsekvensen bort.

Om kommunestyret ikkje er samd i forslaget om å droppe investeringa bør ein også ta inn dette driftstiltaket.

Rammemodellar for utmåling

Budsjettmodell for grunnskole og SFO

Frå budsjett 2025 og økonomiplan 2025-2028 vart budsjettmodell for grunnskole og SFO nytta for rammeutmåling.

Modellen bereknar det samla behovet for netto budsjetttramme og fordeler beløpet mellom dei to Aukraskolene. Det finnes ulike modellar for rammeutmåling. Modellen som brukast for Aukra legg vekt på timar til individuell tilrettelagt undervisning.

Modellen er basert på:

- Skolene sine innrapporterte tal i GSI (Grunnskolen Informasjonssystem) for skoleår 24/25. For meir info om GSI trykk på lenka: [Informasjon GSI](#)
- Oppdaterte vedtakstimar med individuell tilrettelagt opplæring fordelt på lærar og miljørettleiarar (Vedtak etter anbefaling frå PPT, oversikt oversendt frå rektorane)
- Oppdaterte vedtakstimar med fysisk tilrettelegging og personleg assistanse
- Oppdaterte tal på elevar med språkvedtak
- Forventning om at noko av individuell tilrettelagt opplæring blir gjennomført i gruppe
- Framskriving av elevtal
- Ved etablering av budsjettmodell for skole vart driftsnivå 2023 brukt som utgangspunkt
- inntekt som finansierar elevar heilt eller delvis (Elevar frå Hustadvika og fosterheims plasserte elevar)
- Kokkestillingar er lagt til da det ikkje fangast opp som del av GSI rapportering
- Kontroll av gruppestørrelse 2 (Lærarnormen) bereknast for kvar skole og samanliknast med loven sine krav (Begge skolene ligg godt innafor krava)

Informasjon som blir henta frå GSIrapportering er mellom anna:

- Elevtal, årsverk og tilsette
- Timar til ordinær undervisning: Fast ressurs per skole og timar per elev.
- Timar til anna enn undervisning: Timar per elev
- Timar til individuell tilrettelagt opplæring: Timar per elev
- Timar til språkstøtte: Timar i henhold til timevedtaka for dei enkelte elevane
- Timar til assistentar: Fordelast etter omtrent same nøkkel som individuell tilrettelagt opplæring.
- Årsverk til leining: Årsverk per skole, ikke elevavhengig.
- Kommunale ellers (merkantile): Per skole og per
- Tal på elevar i SFO
- Foreldrebetaling SFO

Modellen vil etter kvart kunne gje oss moglegheit til samanlikne utviklinga over fleire år. I samband med rapportering pr. 30.04 og 31.08 vert det lagt inn oppdaterte vedtakstal for individuell tilrettelagt opplæring, fysisk tilrettelegging, personleg assistanse, elevar med språkvedtak og tal på elevar i SFO for å kunne fange endringane som skjer gjennom året.

Begge skolene har eit høgt nivå på vedtak på individuell tilrettelagt opplæring.

Ny opplæringslov gjeld frå 1. august 2024, og erstattar den tidlegare 25 år gamle lova.

Utdanningsdirektoratet opplyser: «Målet er at ny lov skal være mer oppdatert, mer tilgjengelig, mer forståelig og mer tilpasset dagens samfunn og hverdagen i den norske opplæringssektoren. Det er også et mål å kunne bruke regelverk som styringsvirkemiddel når det er nødvendig og hensiktsmessig.»

Ny lov vidarefører og tydeleggjer fokuset på tilpassa opplæring, det vil seie ei vriding frå individuell tilrettelagt opplæring til meir intensiv opplæring som ein del av den ordinære (tilpassa) opplæringa.

Bemanningskalkulator barnehage

Utdanningsdirektoratet (udir) har ein bemanningskalkulator som fortel om barnehagen oppfyller minimumskrav til bemanning og pedagogtettleik, sjå: [Bemanningskalkulator](#)

Kalkulatoren vert oppdatert kvart år i februar med tal per 15.12 som er henta frå barnehagen sin årsrapportering i BASIL (udir sitt innrapporteringssystem for barnehagar).

Pedagognorma sei at barnehagen skal ha minimum:

- 1 pedagog (1 årsverk) per 7 barn under 3 år
- 1 pedagog (1 årsverk) per 14 barn over 3 år

Bemanningsnorma sei at barnehagen skal ha minimum

- 1 tilsett (1 årsverk) per 3 barn under 3 år
- 1 tilsett (1 årsverk) per 6 barn over 3 år

Barn vektast ut frå alder og avtala opphaldstid, når vi reknar barn per tilsett. Barn under tre år tel som to barn. Det er for å kunne samanlikne barnehagar med ulik samansetting av barn. Det er årsverk tilsette i grunnbemanninga som inngår i berekninga av bemanningstettleik. Grunnbemanninga er pedagogiske leiarar og andre tilsette som jobbar direkte med barna.

I berekninga av pedagognorma tel årsverk til pedagogiske leiarar med godkjent utdanning. Antal årsverk til pedagogiske leiarar rundast ned til næraste heile årsverk.

Barna reknast som 3 år fra og med 1. august det året dei fyller tre år.

Styrar/dagleg leiar tel ikkje med som grunnbemanning.

Kommunestyret vedtok i PS-28/24 at Aukra kommune framover skal ha to barnehageopptak i året:

- Start 15. august, med søknadsfrist 1. mars (som no)
- Start 1. februar, med søknadsfrist 1. september (nytt)

"Under føresetnad av kapasitet i barnehagane kan det òg takast opp barn mellom dei faste opptaka."

"Barn som får tilbod om plass i barnehagen frå 1.februar vil ikkje ha lovmessig rett på plass. Det vil være ein føresetnad at tilbod om plass vert gjeve om/når ein greier å fylle krava til kvalifisert og nok tilsette. Eit nytt opptak på eit fast tidspunkt gjer dette enklare å få til. "

Aukra kommune held seg innanfor minimumskrava.

Investeringar i budsjett og økonomiplan

Til grunn for utarbeiding av investeringsbudsjett ligg vedteke revidert økonomiplan 2025 - 2028. I tillegg er alle kjente endringar frå politiske enkeltvedtak teke omsyn til.

Investeringsbudsjettet er fastsett som brutto utgift og inntekt pr. investeringsprosjekt. Brutto utgift vil seie at meirverdiavgift er med som ein del av investeringsutgifta. Unntak for dette er investeringar innafor det ordinære mva-området (gjeld mellom anna investeringar knytt til vann, avløp og renovasjon). I kommunen sitt økonomireglement er det bestemt at det ved rullering av økonomiplana skal det gjerast ei ny vurdering av det enkelte investeringsprosjekt med omsyn til endring i løns- og prisvekst og konsekvensar for driftsbudsjettet i kommande år. Dette er innarbeidd som endringar i prosjekta sine investeringsutgifter det enkelte år.

Detaljane i investeringsbudsjettet er vist i dei ulike tabellane nedanfor.

Samla oversikt over totale investeringar, korleis desse er finansiert og delar knytt til vidareutlån går fram i tabellen "Oversikt investering og finansiering".

Investeringstabell for kommunen samla

Andre investeringer

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Organisasjonsutvikling					
ROR-IKT investeringar	590	590	590	590	2 360
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	1 000	1 000	1 000	1 000	4 000
Rulleringsplan for PC-ar til politikarane	0	380	0	0	380
Sum Organisasjonsutvikling	1 590	1 970	1 590	1 590	6 740
Oppvekst og kultur					
GBU - Nye elevstolar til barnesteget	1 051	0	0	0	1 051
Juls. Skole - Stoler til elever ungdomstrinn	337	0	0	0	337
Julsundet - Dagsturhytte	1 500	0	0	0	1 500
Kommunal eigenandel for spelemidlar	600	600	600	600	2 400
Meirope bibliotek	600	0	0	0	600
Sum Oppvekst og kultur	4 088	600	600	600	5 888
Helse og omsorg					
Bilar - heimetenester	820	410	600	0	1 830
Sum Helse og omsorg	820	410	600	0	1 830
Samfunnsutvikling					
Arbeidsbilar - Tekniskavdelinga	800	650	0	0	1 450
Aukra Idrettshall	3 000	47 000	100 000	0	150 000
Barnebo - Kjøle ventilasjonsluft med frikjøling fra brønnparken	0	625	0	0	625

Økonomiplan for 2026-2029

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Bergetippen - Kjølerom og fryserom	300	0	0	0	300
Bergland - Ombygging	688	0	0	0	688
Felles toppsystem alle kommunale bygg	700	0	0	0	700
Furutun - Oppgradering av kjøkken	470	0	0	0	470
Gang- og sykkelveg Rød - Oterhals	13 350	0	0	0	13 350
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	10 500	7 500	0	0	18 000
GBU - Bytte av fire skillevegger	525	0	0	0	525
GBU - Etablering av to sykkelkur med lademuligheter	190	0	0	0	190
GBU - Oppgradering av utelys	500	500	0	0	1 000
Juls. Skole - Fjellbrønnar	1 500	0	0	0	1 500
Juls. Skole - Utbetring skolekjøkken	480	0	0	0	480
Julsundet sambrukshus	0	0	50 000	100 000	150 000
Kommunehuset - Tilpassingar til fjernvarme	5 700	0	0	0	5 700
Mækjevegen	1 000	0	0	0	1 000
Oppfølging bustadpolitisk plan	0	5 000	10 000	0	15 000
Riksfjord stadion - Friidrettsanlegg og kunstgressdekke	30 000	0	0	0	30 000
Riksfjord stadion - Spyleplass	500	0	0	0	500
Sal av tomter frå kommunale bustadfelt	40	10	10	10	70
Sanering av fråflytta formålsbygg	4 500	5 000	0	0	9 500
To forsterka bustader	200	4 000	0	0	4 200
Veg og industriareal på fastlandet	3 704	7 350	0	0	11 054
Sum Samfunnsutvikling	78 646	77 635	160 010	100 010	416 302
Felles inntekter / utgifter					
'Buffer' investeringsutgifter	0	15 000	24 000	20 000	59 000
Kjøp av fin.anl.midler	1 100	1 100	1 100	1 100	4 400
Sum Felles inntekter / utgifter	1 100	16 100	25 100	21 100	63 400
Sum	86 244	96 715	187 900	123 300	494 160

Selvkost

Beløp i 1000

	Økonomiplan				Sum
	2026	2027	2028	2029	2026-29
Investeringsprosjekter					
Samfunnsutvikling					
Gbn: 8/4/0/0/2 - Avløp	2 500	0	0	0	2 500
Generelle investeringar avløp	600	600	600	600	2 400
Generelle investeringar vatn	600	600	700	700	2 600
Høgdebasseng	200	7 750	0	0	7 950
Tiltak i hovedplan avløp	3 300	2 200	0	0	5 500
Tiltak i hovedplan vatn	0	4 000	0	0	4 000
Tiltak i Tverrlia	1 500	1 000	0	0	2 500
Utbetring VA (Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen)	1 500	1 500	1 500	1 500	6 000
VA Fanghol bustadområde	1 200	0	0	0	1 200
Sum Samfunnsutvikling	11 400	17 650	2 800	2 800	34 650
Sum	11 400	17 650	2 800	2 800	34 650

Andre investeringer

Organisasjonsutvikling

ROR-IKT investeringar

Aukra kommune sin del av ROR-IKT sine investeringar

Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen

Rulleringsplanen er slik: Elevar som startar i 1. klasse får utdelt nettbrett som dei skal bruke i perioden 1. til 4. trinn. Elevar som startar i 8. klasse får utdelt PC som dei skal bruke i perioden 8. til 10. trinn. Elevane i 5. klasse tek over PC-ane som 10. trinn har brukt og i tillegg blir det supplert med nye PC-ar ved behov.

Rulleringsplan for PC-ar til politikarane

Det er vedteke at politikarane skal ha nettbrett. Nettbretta vert skifta ut ved nytt kommunestyret

Oppvekst og kultur

GBU - Nye elevstolar til barnesteget

I 2025 skifta vi elevstolane på ungdomssteget. Elevstolane har det vore mykje klaga på heilt sidan skolen opna i 2013. Elevane på ungdomssteget er veldig fornøgde med dei nye elevstolane og vi legg no inn eit ønske at vi får skifta ut dei elevstolane som er dårleg på barneskolen og.

Har tilbod frå leverandør som utgangspunkt for beløp.

Juls. Skole - Stoler til elever ungdomstrinn

Generell slitasje tilsier at dette nå må oppgraderes. 125 stoler til elever a kr. 2700

Julsundet - Dagsturhytte

I tråd med kommunedirektøren si innstilling i sak PS-25/25 legger vi inn ønskje om realisering av dagsturhytte i 2026.

Kommunedirektøren si tilråding: Aukra kommunestyre tek orienteringa om planlegging av dagsturhytte til vitande. Administrasjonen arbeider vidare med mål om å realisere ei slik hytte i 2026. Løyve til etablering av ei dagsturhytte blir innarbeidd i budsjett og økonomiplan.

Økonomiske konsekvensar: Investering på omlag 1- 1,5 millionar. Driftsutgifter til tilsyn og vedlikehald av hytte og stinett. Ein kan søke om spelemidlar til dagsturhytter. Ein kan få dekt 1/3 av kostnadane opp til 1 million. Dersom ein skal søke om spelemidlar må ein minimum ha ein 30 års grunneigaravtale.

Kommunal eigenandel for spelemidlar

Kommunal eigenandel ved spelemiddelsøknader: Ved søknad om spelemidlar kan ein søkje om tilskot på inntil 50 % av godkjent kostnad. Grunnlaget for tilskot til nærmiljøanlegg er frå 2015 auka til kr. 600 000,-. Maksimalt tilskot per anleggseining er kr. 300 000. Eigendelen er knytt opp mot vedteken handlingsplan i plan for idrett, aktivitet og friluftsliv.

Meirope bibliotek

Behov: Biblioteket og samlinga er no tilgjengeleg for lånarane berre i den bemanna opningstida. Mange innbyggjarar, inkludert studentar, ønskjer tilgang utanom ordinær opningstid. For å møte behovet treng biblioteket ei løysing som gir trygg, sjølvbetent tilgang.

Foreslått løysing: Eit meirope bibliotek gir lånarane utvida tilgang til biblioteket sine lokale og mediesamling utanom ordinær opningstid. For å kunne nytte meirope bibliotek må ein ha lånekort og i tillegg signere ei avtale om bruk. Då kan ein få tilgang ved hjelp av lånekortet og låne bøker og anna på ein utlånsautomat. Både biblioteket og samlinga blir slik meir tilgjengeleg for innbyggjarane, og som læringsarena for til dømes studentar. Kombinasjonen av bemanna og meirope opningstid vil gi eit både fagleg og tilgjengeleg bibliotektilbod.

Økonomi: Tidlegare tilbod frå Biblioteksentralen (2022) var kr 383.427,- eks. mva, utan port/adgangskontroll. Biblioteksentralen er ikkje lenger forhandlar av slike system. Med ny konkurranse og prisauke ber vi om at det blir sett av inntil kr 600.000,- til investering. I tillegg må vi også investere i adgangskontroll og utlånsautomat for å få løysinga til å fungere. Årlege driftskostnader for service og support er berekna til inntil kr 30.000,- eks. mva.

Helse og omsorg

Bilar - heimetenester

Utsifting av bilar til heimetenesta i høve plan.

Eininga har ein langsiktig plan for utsifting av bilparken, som inneber å skifte om lag ein bil kvart år og da har vi bilene i minimum 10 år. Investeringskostnadane vil variere avhengig av kva behov eininga har for størrelse og trekk kraft. Det er ei overordna målsetting å skifte til miljøvenlege bilar og i all hovudsak elbil.

For tilstrekkelig rekkevidde på el-biler, rekk ikkje budsjettet med kr. 300 000 per bil. Vi må difor auke budsjettet til kr 400 000 for vanlige 2 hjulsdrivne bilar, og kr 600 000 på 4 hjuls trekk.

Samfunnsutvikling

Arbeidsbilar - Tekniskavdelinga

Behov: Bilane til Tekniske tenester har ein høg gjennomsnittsalder, og kostnadar til drift og vedlikehald har dei siste åra vore høge. Vi har eit mål om at bilane skal ha ein god standard og vere av ei utforming som gjer det trygt og effektivt for våre tilsette å vere i beredskap til ei kvar tid.

Foreslått løysing: Fleire av bilane vil bli mellom 20 og 25 år i løpet av dei neste 10 åra, slik at det er viktig at ein startar utsifting og kan fordele dette over fleire år. I 2026 er det planlagt utsifting av ein av VA-bilane. Eit kjøretøy med dei egenskapane me treng koster noko meir enn opprinnelig løyve, difor må kostnadsramma for dette tiltaket i 2026 aukast.

Aukra Idrettshall

Det vises til moglegheitsstudia for Aukra Idrettshall samt vedtak i kommunestyret 11.09.25. Anlegget skal lokaliseres på Riksfjord, og forprosjekt skal leggjast fram for endeleg investeringsavgjerd so snart som råd. Det arbeidast med vidare planlegging av idrettshallen, mellom anna med brukerinvolveringsprosessen. Det er foreløpig uavklart kva innhald som skal inn i bygget og kor stort det skal vere, det er difor lagt inn et førebels anslag i økonomiplana for den kommande perioden.

Barnebo - Kjøle ventilasjonsluft med frikjøling fra brønnparken

Tiltaket skal kunne kjøle ned Aukratun i periodar med høg temperatur ute. Kjøleanlegget er dimensjonert etter eksisterande kapasitetar i brønnpark/VP-anlegg. Tiltaket inneheld arbeid knytt til det bygningsmessige, rørleggar-, elektro- og automatikk arbeid.

Denne funksjonen vart tatt ut av prosjektet for å senke kostnadene ved nybygget. Ein ser i ettertid at i periodar med høg temperatur er blitt lengre på sommarane. Med heildags-/heilårsdrift er det periodar kor arbeidsmiljøet for tilsette og moglegheitene for barna å vere i leik, aktivitet, kvile og søvn blir veldig utfordrande både med tanke på helse, miljø og tryggleik og kvaliteten på det pedagogiske arbeidet.

Bergetippen - Kjølerom og fryserom

Behov: Kjøkkenet på Bergetippen manglar eigna kjøle- og fryserom. I dag blir fleire små kjøleskap og frysarar nytta, noko som gir dårleg oversikt og er lite praktisk for dei tilsette.

Foreslått løysing: Eit samla kjøle- og fryserom vil gi betre oversikt, tryggare matoppbevaring og meir effektiv drift. Løysinga er også meir energieffektiv og vil på sikt redusere både tidsbruk og driftskostnader.

Bergland - Ombygging

Tiltaket gjeld tidlegare vedtatt byggeprosjekt på Bergland med bygging av 4 bueiningar i bufellesskap. Prosjektet ferdigstilles i løpet av 1. kvartal 2026.

Felles toppsystem alle kommunale bygg

Alle nye kommunale bygg er tilrettelagt for eit sentralt driftsanlegg (toppsystem). Ved at bygga blir tilkopla sentralt driftsanlegg mogleggjer me for fjerndrift som gjer rask og effektiv tilgang til å utføre justeringar i anlegga. Dette systemet vil også automatisk varsle vaktmeister om noko er feil med dei tekniske anlegga på bygga. Det gjenstår nokre bygg som utførast i 2026.

Furutun - Oppgradering av kjøkken

Det er gjennom HMS-arbeid og vernerunder avdekket et prekært behov for tilpasning av kjøkkenet på Furutun. Tiltaket omfatter ombygging av kjøkkenet med bytte av steamer, tilpasning ift. vindu samt nytt kjøleskap. Tiltaket inneber at det må gjerast fleire tilpassingar ved montering av ny steamar. Dette omfattar både elektriske tilkoplingar, røyrarbeid og nødvendig tilpassing av eksisterande installasjonar.

Gang- og sykkelveg Rød - Oterhals

Tiltak gjeld gang- og sykkelveg Rød - Oterhals. Det blei i 2025 arbeidd med reguleringsplan, avtalar med grunneigarar, detaljprosjektering og utlysing av anbod. Det planleggjast for bygging av tiltaket i 2026.

Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen

Tiltaket gjeld sak vedtatt i kommunestyret 18.12.2024 om bygging av gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen. Det har verte arbeidd med trasevalg og detaljprosjektering i 2025. I 2026 skal det gjerast avklaringar og avtalar med dei aktuelle grunneigarane samt gjennomførast tilbodskonkurranse for oppdraget. Prosjektet planleggjast for gjennomføring i 2026/ 2027.

GBU - Bytte av fire skillevegger

Alle klassestega har to klasserom med skillevegg mellom, og skilleveggane nyttast daglig for å sikre gode høve for undervisning. Fire av skilleveggane er utslitte og øydelagde og må difor skiftast ut.

Kostnad er anslått ut frå tidlegare innehenta pristilbud.

GBU - Etablering av to sykkelkur med lademuligheter

Behov: På GBU er det elevar med særskilde behov som har behov for sykkelparkering med lademoglegheit. Syklane til elevane kan då enklare bli nytta av både Gossen barne- og ungdomsskole og av Bergtun.

Foreslått løysing: Det eine sykkelskuret etableres og bygges om i allerede eksisterende sykkelstur ved barneskoletrinnet. Det andre sykkelskuret etableres og bygges om i allerede eksisterende sykkelstur ved mellomtrinnet. Skura vert bygde med vidare spilevegger som i dag. To av veggane vert kledde med bordkledning slik at syklane blir bedre skjerma mot ver og vind. Det blir montert skyveport som opning til skuret.

GBU - Oppgradering av utelys

Behov: Utelyset på uteområda på GBU har store manglar. Nokre pullertar er defekte og kan ikkje reparerast, dei resterande lyskilda gjer svært dårleg lys.

Foreslått løysing: Det planleggjast for utskifting av samtlege 61 lys-pullertar på området til lysmastar med LED-lyskilder med moglegheit for demping. Tiltaket går over fleire år.

Juls. Skole - Fjellbrønnar

Behov: Delar av Julsundet skole har framleis elektrisitet som energikjelde til oppvarming.

Foreslått løysing: Det er planlagt å bore fleire fjellbrønnar slik at heile skolen nyttar fornybar energi til oppvarming.

Juls. Skole - Utbetring skolekjøkken

Behov: Vaskesona som er på kjøkkenet på Julsundet skole fungerer svert dårleg og må utbedrast. Det er i dag to små vaskar som ein ikkje kan ha store former eller kasserollar i, og det er ei vanleg kjøkkenkran som er utan spylefunksjon. Det er mykje oppvask i løpet av ein dag dag, og siden oppvaskmaskina på kjøkkenet er plassert under benk fører til mange tunge løft i ekkel vinkel for rygg, nakke og hofter,

Foreslått løysing: Tiltaket inneheld tilpassing av området med ny oppvaskmaskin i benkehøgde, samt stor vaskekum og oppvaskbatteri med spylefunksjon.

Julsundet sambrukshus

Det vises til vedtak i sak 24/24 om Sambruksbygg i Julsundet. Det har i 2025 pågått prosess med moglegheitsstudie for Julsundet Sambrukshus. Resultata av denne blei presentert for kommunestyret hausten 2025 med påfølgjande sak om vidare prosess. Det er foreløpig uavklart kva driftsmodell som skal gjelde, kva innhald som skal inn i bygget og kor stort det skal vere, det er difor lagt inn et førebels anslag i økonomiplana for den kommande perioden.

Kommunehuset - Tilpassingar til fjernvarme

Energisentralen på Falkhytten skal forsyne kommunehuset med varme, og det vart i 2015 utarbeidd ei kartlegging av naudsynt ombyggingsarbeid for tilpasning til dette. Prosjektet omfattar mellom anna nytt ventilasjonsaggregat, infrastruktur frå inntak og inn i huset samt nye radiatorar med individuell styring i kvart kontor. Behovet har etter opprinneleg kartlegging auka noko og gjeld no også bytte av varmesentral med tilhøyrande automatikk. Kommunehuset nærmar seg 25 år gammalt, og har store behov for oppgraderingar av det tekniske anlegget. Kalkyla er justert for prisstigning.

Mækjevegen

Det vises til kommunestyrets vedtak av 22.05.25. Mækjevegen brukast av traktor for å slå dyrka mark og det er ikkje tilstrekkeleg med grøfting for å gi ei sikker tilkomst for traktor. Det løyvast 1.000.000,- for å oppgradere vegen til kommunal grusveg som beskrive i utgreiinga.

Oppfølging bustadpolitisk plan

Bustadpolitisk plan syner store utfordringar/behov for bustadutviklinga både for bustader for vanskelegstilte og for andre grupper, som egne bustader for eldre, instegbustader for unge samt

bustader for rekruttering/etablering. Ambisjonane i plana er store og ein ser eit ønskje og eit behov for kommunal deltaking i bustadutbygging. Det har i 2025 vore ein god prosess for å legge til rette for utbygging gjennom private aktørar. I 2026 vil det bli jobba vidare med konkretisering/realisering av prosjekt. Det er venta eit kommunalt økonomisk engasjement frå 2027. Omfanget er førebels og vil bli konkretisert etterkvart.

Riksfjord stadion - Friidrettsanlegg og kunstgressdekke

Som vedteke i kommunestyret 19.06.2025 skal prosjektet nå i tillegg til å gjelde friidrettsanlegget også inkludere bytte av kunstgras på fotballbana. Arbeidet med utveljing av dekke gjerast i samråd med brukarar av anlegget. Tiltaket detaljprosjekterast i 2025 og leggjast ut på anbod i starten av 2026. Prosjektet planleggjast for gjennomføring sommaren 2026. Kostnadane er eit estimat og endeleg prosjektkostnad vil avhenge av kva dekke ein endar opp på.

Riksfjord stadion - Spyleplass

Det er strenge krav til oppsamling og handtering av granulat ved kunstgrasbanar og Riksfjord stadion manglar ein spyleplass for vedlikehaldsutstyr. Denne er planlagt nord for banen i same område som GIL planlegg å sette opp eit nytt lager for traktoren.

Sal av tomter frå kommunale bustadfelt

Eigedomsmeklar utgifter ved sal av tomt

Sanering av fråflytta formålsbygg

Riving av Aukraheimen er planlagt gjennomført i 2026. Samstundes må området omregulerast for å klargjerast til nytt bygg. Tomta der Aukra vidaregåande skule ligg i dag, skal gjerast om til eit kommunalt bustadfelt. Det blir foreslått å starte arbeidet i 2026, der ein vurderer moglegheita for å leggje eigedomen ut på den opne marknaden slik at private aktørar kan kjøpe og vidareutvikle området. Kalkylane for desse tiltaka er førebelse og usikre.

To forsterka bustader

Mangel på tilpassa lågterskel-bustadar til svake grupper er også i Aukra ei utfordring. Mellom anna kan det handle om behov for akutt overnatting, behov for midlertidig bustad og eit tilbod for personar utan bustad som har store helseutfordringar relatert til psykisk helse eller rus. Kommunen har vedtatt ei ny bustadpolitisk plan som også inkluderer bustadsosial utfordringar, medan plana for rus og psykiatri enno ikkje er oppdatert. I tråd med vedtak i kommunestyret 18.12.2024 er prosjektoppstart satt til 2026 og med hovedbeløp i 2027.

Veg og industriareal på fastlandet

Tiltaket gjeld arealet i Åsdalen i Julsundet som ønskes omregulert til næringsareal. Dette er det stor etterspørsel etter i Julsundet. I lys av dei oppdaterte planretningslinjene frå offentlege etatar, spesielt Statsforvalter, er det stor usikkerheit knytt til ei eventuell omregulering av dette arealet. Det er stort fokus på myrvern og bevaring av LNFR-areal, og foreløpige signal frå Statsforvalter er at realisering av tiltaket kan verte komplisert og i risiko for å ikkje verte tillat. Det arbeidast vidare med å søke avklaring i saka.

Selvkost

Samfunnsutvikling

Gbn: 8/4/0/0/2 - Avløp

Det er eit gjentakende sak med driftsproblem på slamavskiljar på GBNR 8/4/0/0/2. Ved høg flo blir mottrykk i utsleppsledning for høgt til at svartvatn frå slamavskiljar slepp ut. Tiltaket planleggjast i samarbeid med abonnentar som er tilknytt den aktuelle tanken.

Generelle investeringar avløp

Løyvet går til nødvendige oppgraderinger samt uforutsette investeringar gjennom året.

Generelle investeringar vatn

Løyvet går til nødvendige oppgraderinger samt uforutsette investeringar gjennom året.

Høgdebasseng

For å kunne sikre tilstrekkeleg kapasitet og trykk i vassleiingsnettlet er det naudsynt med høgdebasseng ute i nettet. I området Rød/ Oterhals er det behov for et høgdebasseng for å kunne ta unna uynskte driftskonsekvensar ved høge forbrukstoppar. Løyvet skal sikre ei god og langsiktig løysing i samarbeid med næringsaktørar i området.

Tiltak i hovedplan avløp

Ramme for investeringar innan avløp i tråd med hovudplan avløp som vert vedtatt i 2021.

Behov: Avløpsanlegga våre er delvis i dårleg tilstand, og det har vore investert lite i nye anlegga dei siste åra. Det er også registrert fleire HMS-avvik som må utbedrast.

Foreslått løysing: Midlane nyttast til oppgradering, utskifting og naudsynt oppgradering av pumpestasjonar i henhold til plan og behov.

Tiltak i hovedplan vatn

Behov: Hovudvassleidning frå Bakkemyr til Riksfjord - Mellom Bakkemyrleet og kryss Riksfjord er det fortsatt asbestsementrør.

Foreslått løysing: I tråd med asbestsaneringsplan er det planlagt å skifte ut desse til nye PVC leidning. Kummar og armatur blir skifta ut samtidig og i tråd med nye krav til kvalitet og utførelse. Grunna prioritering av kapasitet på prosjektleiing i eininga, vert denne investeringa foreslått flytta til 2027

Tiltak i Tverrlia

Ombygging av produksjonsanlegget til to separate filterlinjer. Tverrlia vassverk kan per tidspunkt berre køyre ei filterlinje om gangen under produksjon av vatn. Det betyr at anlegget stoppes ved filterspyling. Ved ombygging til to separate linjer kan anlegget produsere vatn kontinuerleg. Tiltaket er viktig for å sikre tilstrekkeleg kapasitet i vassverket.

Utbetring VA (Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen, Berglandsvegen)

Det er naudsynt med oppgradering av vann- og avløpsnettlet i området Gamlevegen, Myra, Flatå, Nautnesvegen og Berglandsvegen. Tiltaket inneber utskifting av brannkummar og nye vann- og avløpsleidningar i tråd med dagens forskriftskrav. Tiltaket planleggast for gjennomføring over fleire år.

VA Fanghol bustadområde

Det står att ei strekke med asbestsementrør på fastlands Aukra som må skiftast ut. Denne ligg frå gamleskolen på Fanghol og opp i Fangholfeltet. Det er ønskeleg å skifte ut resterande asbestsementrør for å få på plass ei langsiktig god løysing som svarar til dagens krav. Det er per i dag privat avløpssystem i Fangholfeltet med private septiktankar, det er ønskeleg å gjere tiltak for å kople Fangholfeltet inn på kommunalt avløpsanlegg ved Sæterbukta samtidig som det gjerast tiltak med vassleidning. Prosjektet er ferdig prosjektert og klart for gjennomføring i 2026.

Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2025-2028

Opprinneleg tall for 2026 - 2028 som var med i planvedtaket for 2025 - 2028 var

År	2026	2027	2028	2029
Beløp i 1000 kr	102 647	170 502	26 462	1 500

I 1. og 2. tertial 2025 var det vedteke følgjande flytting frå 2025 til 2026 grunna manglande internt kapasitet og forseinking hos leverandørar.

Investeringar - endringar vedtatt i 1. og 2. tertial 2025

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Bilar helmetenester	410	0	0	0
Felles toppsystem alle kommunale bygg	700	0	0	0
Gang- og sykkelveg Rød - Oterhals	350	0	0	0
Gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	3 000	0	0	0
Oppgradering av kjøkken ved Furutun	470	0	0	0
Riksfjord stadion - Friidrettsanlegg og kunstgressdekke	3 353	0	0	0
Sanering av fråflytta formålsbygg	4 500	0	0	0
Spyleplass ved Riksfjord stadion	500	0	0	0
Tilpassingar til fjernvarme i kommunehuset	5 700	0	0	0
VA Fanghol bustadområde	1 200	0	0	0
Veg og industriareal på fastlandet	554	0	0	0
Totalsum	20 737	0	0	0

Følgande endringar har blitt lagd til på eksisterande prosjekt under denne økonomiplan runda

Investeringar - endring i vedtekne løyver i økonomiplan 2025-2028

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Sum i øk.plan
'Buffer' investeringsutgifter	-15 000	-9 000	4 000	20 000	0
Arbeidsbilar - Tekniskavdelinga	175	0	0	0	175
Aukra Idrettshall	-47 000	-53 000	100 000	0	0
Bergland - Ombygging	688	0	0	0	688
Gbn: 8/4/0/0/2 - Avløp	2 500	0	0	0	2 500
Generelle investeringar avløp	0	0	0	600	600
Generelle investeringar vatn	0	0	0	700	700
Julsundet sambrukshus	0	0	50 000	100 000	150 000
Kjøp av fin.anl.midler	200	200	200	1 100	1 700
Kommunal eigenandel for spelemidler	0	0	0	600	600
Riksfjord stadion - Friidrettsanlegg og kunstgressdekke	26 647	0	0	0	26 647

Økonomiplan for 2026-2029

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Sum i øk.plan
ROR-IKT investeringar	28	28	28	590	674
Rulleringsplan for elevPC i Aukraskolen	0	0	0	1 000	1 000
Sal av tomter frå kommunale bustadfelt	40	10	10	10	70
Totalsum	-31 722	-61 762	154 238	124 600	185 354

Nye investeringar i økonomiplan 2026-2029

Nye investeringar i økonomiplan 2026-2029

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029	Sum i øk.plan
Barnebo - Kjøle ventilasjonsluft med frikjøling fra brønnparken	0	625	0	0	625
Bergetippen - Kjølerom og fryserom	300	0	0	0	300
GBU - Bytte av fire skillevegger	525	0	0	0	525
GBU - Etablering av to sykkelkur med lademuligheter	190	0	0	0	190
GBU - Nye elevstolar til barnesteget	1 051	0	0	0	1 051
Juls. Skole - Stoler til elever ungdomstrinn	337	0	0	0	337
Juls. Skole - Utbetring skolekjøkken	480	0	0	0	480
Julsundet - Dagsturhytte	1 500	0	0	0	1 500
Mækjevegen	1 000	0	0	0	1 000
Meirope bibliotek	600	0	0	0	600
Oppfølging bustadpolitisk plan	0	5 000	10 000	0	15 000
Totalsum	5 983	5 625	10 000	0	21 608

Oversikt innmeldte ønska investeringstiltak frå einingane som ikkje er prioritert

Ønska investeringa, ikke tilrådd 2026-2029

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Sti mellom GBU og Aukra Idrettspark	7 930	0	0	0
Totalsum	7 930	0	0	0

Kommunedirektøren sin kommentar til ikkje prioriterte budsjettendringar investering

Sti mellom GBU og Aukra idrettspark

Kommunedirektøren vil ikkje rå til at dette tiltaket vert prioritert inn i økonomiplana. Det er fordyrande at stien gjennom skogen både skal ha lys og kunne brøytest. Stien gir heller ikkje kortare avstand mellom GBU og nye Aukra idrettshall enn dagens gang- og sykkelsti langs Riksfjordvegen. Tilrådinga er gjort ut frå ei kost-nytte-vurdering, og sett opp mot mengda av nye investeringar som elles ligg inne i økonomiplana.

Oversikt Investering og finansiering

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Investeringer i varige driftsmidler	96 545	113 265	189 600	125 000
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 100	1 100	1 100	1 100
Utlån av egne midler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum finansieringsbehov	97 645	114 365	190 700	126 100
Kompensasjon for merverdiavgift	-14 134	-15 771	-36 920	-24 120
Tilskudd frå andre	-8 120	-240	-240	-240
Salg av varige driftsmidler	-3 810	-1 110	-1 100	-1 100
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
Bruk av lån	-71 581	-97 244	-152 440	-100 640
Videreutlån	30 000	30 000	30 000	30 000
Bruk av lån til videreutlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Avdrag på lån til videreutlån	6 005	7 297	8 591	9 800
Mottatte avdrag på videreutlån	-6 005	-7 297	-8 591	-9 800
Overføring fra drift	0	0	0	0
Bruk av ubundet investeringsfond	0	0	0	0
Sum finansiering	-97 645	-114 365	-190 700	-126 100
Sum finansieringsbehov	97 645	114 365	190 700	126 100
Sum finansiering	-97 645	-114 365	-190 700	-126 100
Udekt finansiering	0	0	0	0

Tilskot frå andre

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Bergland - Ombygging	-6 380	0	0	0
Kommunal eigenandel for spelemidlar	-240	-240	-240	-240
Kommunehuset - Tilpassingar til fjernvarme	-1 500	0	0	0
Totalsum	-8 120	-240	-240	-240

Økonomiplan for 2026-2029

Sal av driftsmidler

Beløp i 1000 kr

Hovudprosjekt (T)	Øk.plan 2026	Øk.plan 2027	Øk.plan 2028	Øk.plan 2029
Bilar - heimetenester	-10	-10	0	0
Sal av tomter frå industri-/næringsområder	-200	-200	-200	-200
Sal av tomter frå kommunale bustadfelt	-3 600	-900	-900	-900
Totalsum	-3 810	-1 110	-1 100	-1 100

Tabellene viser kva prosjekt som inngår i delsummen "Tilskot frå andre" og "Sal av varige driftsmiddel" i "Oversikt investering og finansiering". Desse er ikkje presentert i samla investeringstabell for kommunen, men beskriving av prosjekt er lista opp saman med desse.

Økonomisk utvikling i planperioden

Berekraftig økonomisk utvikling

Kommunar skal forvalte sin økonomi slik at den økonomiske handleevna blir ivareteke over tid. Kommunelova krev at både økonomiplan og årsbudsjett skal innehalde måltal som seier noko om politiske mål for økonomisk utvikling. Finansielle måltal kan gje eit betre grunnlag for avgjerd i økonomiplan- og budsjettprosessen, og betre grunnlag for openheit og vurderingar av den økonomiske utviklinga i årsmeldinga.

Det er ikkje gjeve bindande regler for val av måltal og kva nivå måltala bør ligge på. Dei finansielle måltala skal fastsettast av den enkelte kommune ut frå eigen økonomisk situasjon. Kommunane må sjølv ta eigarskap til både utarbeiding og bruk av finansielle måltal som styringsverktøy.

Berekraftig økonomiforvaltning er og eit av satsingsområda i samfunnsdelen av kommuneplana, der målet (slik vil vi ha det) er; at kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom. Dette skal sikrast gjennom delmål (slik gjer vi det) som er uttrykt i kommunen sine økonomiske handlingsreglar.

I politisk sak nr. 47/23 vedtok kommunestyret nye økonomiske handlingsreglar og finansielle måltal slik:

Kommunen sine økonomiske handlingsreglar er

1. Sikre finansiering av fastlandsløysing gjennom årleg avsetning til fond i tråd med inngått avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune
2. Det skal gjerast ei årleg avsetning på kr. 7 mill. til eit eige fond for framtidig finansiering av påkostning og reinvestering av kommunale bygg. (Handlingsregelen vert gjeninnført frå 2027).
3. Nedbetalingstida for nye lån skal maksimalt være 25 år

Kommunen sine finansielle måltal er

1. Netto driftsresultat, korrigert for overføringer knytt til å realisere fastlandsløysinga, større enn 1,75 prosent av brutto driftsinntekter og sum politisk vedtekne avsetningar til fond
2. Gjeldsgrad som sikrar moderat grad av økonomisk handlingsfridom etter kriterium fastsett av KS. Det vil seie at korrigert netto lånegjeld skal vere lågare enn 75 prosent av brutto driftsinntekter

Økonomisk handleevne over tid og utfordringsbildet framover

I kommuneproposisjon 2026, pro 142 S (2024-2025) vart det gjeve følgjande signal om forventningar til kommunane:

- Avsnitt 1.2 Utfordringar i kommunesektoren - behov for omstilling;

“Kommunene og fylkeskommunene er rammestyrte og derfor ansvarlig for å tilpasse aktiviteten til inntektsnivået. Å tilpasse tjenestetilbudet til endret demografi vil kreve omstillinger. Det må påregnes økt behov for å flytte ressurser mellom ulike tjenesteområder, for eksempel fra oppvekstområdet til pleie og omsorg i tråd med endringene i befolknings sammensetningen og innbyggernes behov for tjenester.”

Kommunane sin interesseorganisasjon (KS) peiker på at auka behov for kommunale tenester utfordrar kommunane sin tenesteproduksjon, og at dette samtidig og vil skape finansielle utfordringar. Årsaker til dette er mellom anna:

- Fleire ressurskrevjande tenestemottakarar (helse og omsorg)
- Fleire eldre med samansett pleiebehov
- Utskrivingsklare pasientar frå spesialhelsetenesta
- Aukra utgifter til sosialhjelp, både flyktningar og norske
- Vanskeleg å rekruttere personell, som igjen vil medverke til auka kostnader i overtid, forskjøvet vakt, kjøp frå vikarbyrå og kjøp av dyre plassar
- Auka behov for tilrettelegging i barnehagane og skolane
- Auka behov for bustad, aktivitet og tilrettelagt arbeid
- Press i barnevernstenestene

I forvaltning av kommunen sin økonomi er det viktig å ta omsyn til utfordringane og dei statlege forventningane til kommunane, når ein skal sikre den økonomiske handleevna over tid.

Vurdering av den økonomiske utviklinga

Beløp i 1000

		Økonomiplan			
	Budsjett 2025	2026	2027	2028	2029
Sum inntekter	-749 156	-796 621	-782 380	-786 997	-772 173
Sum utgifter	618 330	671 329	657 958	667 230	674 648
Brutto resultat	-130 826	-125 292	-124 422	-119 766	-97 525
Netto finansutgifter og inntekter	529	-20 957	-28 486	-28 848	-29 557
Motpost avskrivninger	-53 652	-52 669	-51 831	-51 831	-51 831
Netto resultat	-183 949	-198 918	-204 739	-200 445	-178 913
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	183 949	198 918	204 739	200 445	178 913
Årsresultat	0	0	0	-0	0
Netto resultat i prosent av sum inntekter	24,6 %	25,0 %	26,2 %	25,5 %	23,2 %

I løpet av driftsåret 2025 er gjort vesentlege budsjettjusteringar i sektorane sine driftsrammer. Heilårsverknadene av desse endringane gjev ei auke i kommunen sitt driftsnivå slik:

	2026	2027	2028	2029
Heilårsverknad av tilrådd auka driftsrammer i sektorane - 2. tertial	15 055	10 967	11 267	10 965
Heilårsverknad av auka driftsrammer i sektorane - 1. tertial	19 011	17 014	17 003	16 069
Heilårsverknad av samla tilrådd auke i sektorane sine driftsrammer	34 066	27 981	28 270	27 034

Til økonomiplan 2026 - 2029 vart det og meldt vesentlege behov for auke i sektorane sine driftsrammer. Av desse er det tilrådde nye tiltak for det enkelte året slik:

Økonomiplan for 2026-2029

	2026	2027	2028	2029
Nye tilrådte tiltak	21 456	10 491	8 435	17 086
Innsparingstiltak	- 862	- 862	- 862	- 862
Driftskonsekvensar av investeringsprosjekt	53	31	2 961	2 961
	20 647	9 660	10 534	19 185

Korrigerer av buffer for lønsauke og venta pensjonskostnader i åra er då teke omsyn til.

Endringane i driftsrammene varierer mellom dei ulike åra. Gitt redusert busetting av flyktningar, som føresett ved berekning av integreringstilskott, er det venta at nødvendige ekstraløyver i sektorane knytt til busettinga vil kunne takst ut igjen i slutten av økonomiplanperioda. Pr. no er dette ikkje vurdert og gjort berekningar på.

Driftskonsekvensar av investeringsprosjekt og finansutgifter knytt til låneopptak for finansiering av desse er samtidig venta å auke i åra etter økonomiplanperioden. Låneopptak i 2029 får heilårseffekt frå 2030 og driftskostnadane av sambruksbygg i Julsundet vil og kome inn i kommunen si drift som auka utgifter etter 2029.

Samla er investeringane desse åra på 524,4 mill. kroner. Investeringar knytt til sjølvkostområda er av dette på kr. 34,6 mill. kroner og auka rente- og avdragskostnader vil derfor i liten grad bli dekt opp gjennom auke i sjølvkostgebyra.


Auka driftsnivå vil gjennom økonomiplanperioden gradvis svekke kommunen sine reserver i det generelle disposisjonsfondet. Ved utgangen av perioden er dette på kun 14,6 mill. kroner. Samtidig blir Fond for udisponert integreringstilskott redusert til 10,2 mill.

Det er då svært lite økonomisk handlingsrom igjen i kommunen sin økonomi. Siste års drift blir finansiert gjennom bruk av 43,8 mill. kroner av tidlegare års avsettingar til det generelle disposisjonfondet. For åra etter er det ikkje mogeleg med tilsvarande finansiering.

Fond for tilrettelegging av næringssatsing og fond for påkostning og reinvestering av kommunale bygg styrkast i tråd med gjeldande politisk vedtak og vil ved utgangen av planperiodar ha ein saldo på henholdsvis 46,8 mill. og 49 mill. kroner.

Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Aukra kommune	86,8 %	82,7 %	79,7 %	75,7 %	71,5 %	74,9 %	84,1 %	97,7 %	106,6 %
Handlingsregel	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %	75,0 %

Lånegjeld

Aukra kommune har dei siste 10 åra hatt eit høgt investeringsnivå. I kommande fire årsperiode er det planlagt investeringar i varige driftsmidlar for 524,4 mill. kroner.

I opphavleg økonomiplan 2025 til 2028 var det planlagt investeringar med 356,9 mill. kroner. Gitt same nivå i 2029 som 2028, ville dette for åra 2026 til og med 2029 tilsvara investeringar med 322,3 mill. kroner. Endringar gjennom året 2025 og nye investeringstiltak gjev då ei auke på 202,1 mill. kroner.

Utanom refundert meirverdiavgift og noko statlege tilskot er investeringane hovedsakleg finansiert ved bruk av lån. Dette vil auke kommunen sine driftsutgifter gjennom auka avdrag og renteutgifter.

Kommunen sitt investeringsnivå gjer at kommunen i dag og i åra framover vil ha ei relativt høg gjeldsgrad, spesielt i forhold til tal på innbyggjarar, men og etterkvart i forhold til sum driftsinntekter.

Utviklinga til kommunen si lånegjeld er ut frå planlagt opptak og avdrag berekna å bli slik:

I heile tusen	2025	2026	2027	2028	2029
Restgjeld i slutten av perioda, totalt	699 058	729 334	802 834	956 927	1 030 312

Statsforvaltaren sin rapport om utvikling i kommuneøkonomien i 2024 rettar igjen fokus på kommunane sitt gjeldsnivå. Følgjande blir uttalt: "Kommunane si gjeld har auka gradvis det siste tiåret. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. KS anbefalar at gjeldsgraden over tid ikkje ligg over 75 prosent av brutto driftsinntekt. På landsbasis har lånegjelda gått frå 84,5 prosent i 2017 til 92 prosent i

2024. Også i Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har auka tilsvarande i perioden, i begge tilfella med ein liten reduksjon dei siste åra. For 2024 er fylkessnittet på 109 prosent. Trass i reduksjonen er det framleis eit svært høgt gjeldsnivå i Møre og Romsdal. Vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det vert underbygd av auken i rentenivået. Vi tilrår at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal for gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar.”

Aukra kommune er blant kommunane som har høgaste netto gjeld pr innbyggjar i fylket i 2023. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter har eit vesentleg lågare nivå grunna kommunen sine ekstraordinære høge inntekter. Utviklinga framover viser at vi gradvis får ein auka gjeldsgrad frå 75,7 prosent til 107,6 prosent i 2029. Vi vil då være godt over måltalet på 75 prosent.


Kommunen sin gjeldsgraden er, som oversiktene ovanfor viser, vesentleg høgare enn fastsett finansielt måltal for åra 2027 - 2029.

Deler av kommunen sin lånegjeld blir dekt av andre, slik som startlån og lån med rentekompensasjon. I tillegg vil lånegjeld innan VA-området og feiing bli dekket av dei kommunale gebyra. Dette reduserer kor stor del av netto gjeld som er utsett for renterisiko knytt til auka rentenivå og auka låneopptak.

I økonomiplanperioda er del av investeringane knytt til sjølvkostområda på samla 34,6 mill. kroner. Nye startlån er planlagt teke opp med 120 mill. kroner.

Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar

Grafen er i hele kr



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Aukra kommune	152 928	153 398	154 872	148 810	148 650	156 941	171 253	198 286	210 355
Handlingsregel	91 215	91 215	91 215	91 215	91 215	91 215	91 215	91 215	91 215

Aukra kommune har ei svært høg netto lånegjeld pr. innbyggjar. Kostra statistikk frå 2024 viser at Aukra kommune har den 5. høgaste gjelda pr. innbyggjar i Møre og Romsdal fylke. Aukra kommune hadde då ei netto lånegjeld per innbyggjar på kr. 148.810,- medan ein i snitt i Møre og Romsdal hadde ei netto


lånegjeld på kr. 88.722,-. Aukra kommune har svært høge årlege inntekter og har derfor i dag, gode føresetnader til å dekke inn avdrag og renter, utan at dette går ut over kommunen sitt tenestenivå. Samtidig viser dette at vi ville få ein krevjande økonomisk situasjon dersom vi fekk ein vesentleg reduksjon i våre årlege inntekter.

Utviklinga viser at lånegjeld pr. innbyggjar vil få ein større vekst fram til 2029, då denne ut frå føresetnader i økonomiplan 2026 - 2029 vil vere kr. 212.343,-.

Aukra kommune har ikkje sett finansielle måltal knytt til netto lånegjeld per innbyggjar. Gjennomsnittet i landet for siste avslutta rekneskapsår er derfor sett inn som eit nivå til samanlikning. I 2023 var netto lånegjeld per innbyggjar i landet utan Oslo på kr. 91.215,-.

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Aukra kommune	12,7 %	14,6 %	27,0 %	29,6 %	24,4 %	25,0 %	26,2 %	25,5 %	23,2 %

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat for åra 2026 - 2029 er særskilt høge. Årsaka er høge frie disponible inntekter.

Aukra hadde i 2024 brutto driftsinntekter per innbyggjar på kr. 200.699,-, medan snittet på landet utan Oslo er kr. 111.846,-.

Sjølv om netto resultat er svært høgt når ein ikkje det finansielle målalet om å ha eit netto driftsresultat (korrigert for overføringar knytt til fastlandsløysinga), som er større enn 1,75 prosent av brutto driftsinntekter og sum politiske vedtekne avsetningar til fond for alle åra i heile økonomiplana.

Krav til netto driftsresultat og avvik for dette er slik det enkelte år:

I heile tusen	2026	2027	2028	2029
Krav om 1,75 prosent av sum driftsinntekter	13 941	13 692	13 772	13 531
Sum vedtekne avsetningar til fond inkl. fastlandsløysing	211 432	217 727	234 466	242 043
Krav til netto driftsresultat:	225 373	231 419	248 468	255 554
I prosent av sum driftsinntekter	28 %	30 %	32 %	33 %

Sidan måltal ikkje er fast over tid er det i grafen sett inn eit gjennomsnitt for dei fire åra i økonomiplana til samanlikning, det vil seie 31 prosent. Dette vil då ikkje samsvare heilt med det konkrete målalet pr. år.


Netto driftsresultat i 2025 - 2028 i forhold til vedteke mål er slik:

I heile tusen	2026	2027	2028	2029
Krav til netto driftsresultat:	225 372	231 418	248 466	255 556
Berekna netto driftsresultat i planperioda	198 918	204 739	200 445	178 913
Avvik	- 26 455	- 26 680	- 48 021	- 76 643

Oversikta viser at måltal ikkje blir svart ut i nokon av åra i økonomiplan-perioda 2026-2029.

Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Økonomiplan for 2026-2029

Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Aukra kommune	132,1 %	134,2 %	154,9 %	179,9 %	194,0 %	215,3 %	245,4 %	269,4 %	297,8 %

Kommunen sitt disposisjonsfond er summen av alle vedtekne etablerte fond, andre frie midlar som er avsett og kommunen sitt generelle disposisjonsfond. Det generelle disposisjonsfondet har ikkje fått føring for bruk og er då det fondet som må sjåast på som "reserven" for Aukra kommune.

Vedteken handlingsregel er at dette fondet skal utgjere minimum 8% prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter. For åra 2026 - 2029 vil kommunen ha eit større generelt disposisjonsfond enn det som er fastsett i det finansielle målalet.


Grafen ovanfor viser summen av alle frie disposisjonsfond i kommunen, inklusiv fond for fastlands-løysing, og kva desse utgjer av sum driftsinntekter. Fond for fastlandsløysing påverkar dette i svært stor grad. Ser ein berre på det generelle Disposisjonsfondet utgjer saldoen ein slik prosentdel av sum driftsinntekter ved utgangen av kvart år:

	2026	2027	2028	2029
Sum driftsinntekter	796 621	782 380	786 997	772 173
Saldo Generelt disposisjonsfond ved utgangen av året	92 216	81 328	59 516	16 061
	12 %	10 %	7 %	2 %

Det generelle disposisjonsfondet har i 2026 og 2027 eit nivå over fastsett politiske måltal, før dette so blir redusert gradvis til eit svært lågt nivå i 2029.

Netto finans og avdrag i % av brutto driftsinntekter

Grafen er i %



Økonomiplan for 2026-2029

Tabell	KOSTRA 2021	KOSTRA 2022	KOSTRA 2023	KOSTRA 2024	Budsjett 2025	Økplan 2026	Økplan 2027	Økplan 2028	Økplan 2029
Aukra kommune	3,1 %	10,4 %	-3,7 %	-5,0 %	-0,3 %	-2,6 %	-3,6 %	-3,7 %	-3,8 %


Aukra kommune har ikkje vedteke finansielle måltal for netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter. Det er likevel viktig å vere merksam på at måtala presentert ovanfor er sterkt påverka av budsjettert forventning til avkasting på finansielle omløpsmidlar slik:

Ved realisering av prosjektet fastlandsløysing og overføring av oppsparte midlar til finansiering, vil verknaden av desse reduserast vesentleg og fjernast.

Netto driftsutgifter utan finansinntekter på forvalting av finansielle omløpsmidlar er slik:

	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028	Økonomiplan 2029
Renteinntekter	- 45 906	- 50 886	- 55 317	- 59 988
Gevinst og tap på fin. omløpsmidler	- 37 904	- 43 061	- 48 551	- 54 383
Renteutgifter	34 461	35 296	40 501	45 693
Avdrag på lån	33 663	36 153	41 271	46 683
Utbytte langsiktig finansforvalting	- 5 271	- 5 988	- 6 752	- 7 562
Netto finansutgifter	- 20 957	- 28 486	- 28 848	-29 557
Avkasting fond for fastlandsløysing	- 72 657	- 82 134	- 92 224	- 102 941
Netto finansutgifter etter korr, for avkasting fond for fastlandsløysing	51 700	53 648	63 376	73 384
I prosent av sum driftsinntekter	6,49 %	6,86 %	8,05 %	9,50 %

Utviklinga viser at kommunen framover vil nytte ein større del av inntektene til dekning av dei årlege finansutgiftene.



Kommunen sine ramme- og tenesteområde

Organisasjonsutvikling

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Attraktiv kommune	1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad
	1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid
Aukra i regionen	4.1 Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i
	5.1 Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette
Berekraftig økonomiforvaltning	7.1 Kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom
Fornyning, forenkling og forbetring	5.2 Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar
	5.3 Nye former for samfunnsengasjement, samskaping
Gjennomgåande perspektiv	1.0 Aktiv innsats for å identifisere folkehelseutfordringar
Kompetente medarbeidarar, rekruttering	6.1 Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning
	6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar

Tekst til måltabell

AUKRA I REGIONEN

4.1 Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i:

Sektoren skal delta i ulike tenestegrupper i ROR IKT-samarbeidet for å kunne påverke og utvikle tenestene framover.

5.1 Brukarorienterte, digitale løysningar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette:

Tilby digitale løysningar som set innbyggjarar og brukarar i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarar eit digitalt førsteval. Dei skal vere universell utforma og ha eit klart språk. Utvikle kommuneapp for å gjere det enklare for innbyggjarane å nå kommunal informasjon. Arbeid med ny heimeside skal starte.

Vi deltek i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser.

Personvern og informasjonssikkerheit skal takast vare på.

FORNYING, FORENKLING OG FORBETRING

5.2 Tilstrekkelig digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar:

Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttiggjere dei digitale løysingane som vert teke i bruk og sjå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering.

Innbyggjarane skal kunne finne fram til og bruke digitale tenester. Vi held fram med digital kafé. Tilbod om digital hjelp på biblioteket blir formalisert.

KLIMA OG MILJØ

8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk
Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving.

KOMPETENTE MEDARBEIDARAR, REKRUTTERING

6.1: Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning:
Vi bruker aktivt fondet for til dette.

6.2 Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar:

Kompetansebehovet blir analysert og kompetanseplanar blir utarbeidd.

Medarbeidarane har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggjarar.

Vi oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser.

Vi tek i bruk digitale løysningar etter kvart som dei blir gjort tilgjengelege.

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Kommunedirektør, politisk leiing og serviceavdelinga	30 741	23 648	23 180	22 725	22 581	22 592	22 592
Økonomiavdelinga	13 438	9 410	9 960	9 933	9 933	9 933	9 933
Organisasjonsavdelinga	4 811	5 777	6 009	6 244	6 244	6 244	6 244
Sum	48 990	38 835	39 149	38 901	38 757	38 768	38 768

Omtale av sektoren

Sektoren leverer eit breitt spekter av tenester til heile organisasjonen og til politisk nivå. Sektoren omfattar kommunedirektøren si verksemd og tre einingar. Det er serviceavdelinga, økonomiavdelinga og organisasjons- og personalavdelinga.

Serviceavdelinga:

Serviceeininga er ein av stabs- og støttfunksjonane i kommunen med totalt 4,20 årsverk. Eininga leverer tenester til både politiske organ og kommunedirektøren, og har ei rådgjevande rolle overfor einingane i kommunen.

Service har følgjande hovudansvarsområde:

- Kommunikasjon og informasjon: Eininga har ansvar for all ekstern kommunikasjon med innbyggjarane og fungerer som kommunen si kommunikasjonsavdeling.
- Dokumentasjonsforvaltning: Overordna ansvar for kommunen sitt arbeid med dokumentasjon og arkiv.
- Informasjonssikkerheit og personvern: Koordinerer og har overordna ansvar for kommunen sitt arbeid med sikkerheit og vern av personopplysningar.
- Politisk sekretariat og valarbeid: Administrativ støtte til politiske prosessar, samt gjennomføring av val.
- Sosiale tenester: Saksbehandling og informasjon knytt til startlån, bustønad, parkeringsløyve og drosjekort.

- Digitalisering: Bidreg til utvikling og implementering av digitale løysingar i kommunen.
- Telefoni og ekspedisjon: Drift av sentralbord, mottakstenester og telefonsystemet

Eininga har totalt 4,2 årsverk

Økonomiavdelinga:

Eininga har fagleg ansvar for økonomi, løn, innkrevjing, innkjøp og finansforvaltning. Innanfor desse områda skal vi yte god fagleg bistand til andre einingar og utarbeide forsvarlege grunnlag for administrativ og politisk leing sine vedtak.

Vidare har eininga ansvar for prosess og utarbeiding av budsjett og økonomiplan med handlingsdel og årsrapport, og drift- og system-ansvar for kommunen sitt overordna verktøy for verksemdstyring, Framsikt og kommunen sitt ERP system Visma Enterprise. Advokat, tilsett på eininga, yt juridisk bistand til heile organisasjonen.

Eininga er kommunen sitt eigedomsskattekontor med ansvar for det administrative arbeidet knytt til taksering av skatteobjekta og utskriving av eigedomsskatt.

Eininga har 8 tilsette i 7,8 årsverk

Organisasjons- og personalavdelinga:

Primæransvaret for eininga er å legge til rette for at leiarar har eit godt grunnlag for å utøve sitt leiaransvar, både strategisk og operativt. Dette gjeld alle områder på heile HR-feltet. Særleg fokus no er å bygge ein framtidsretta organisasjon og endringskraft slik at vi rustar oss for eksisterande og kommande utfordringar. Vi jobbar med ulike inngangar for å vidareutvikle, effektivisere og tilpasse organisasjonen.

Avdelinga legg til rette for og leiar prosessar i einingane. Vi rettleier leiarane i spørsmål om og saksbehandlar etter lov- og avtaleverk. Vi utvikle og halde ved like styringssystem og fastsette overordna strategiar og retningslinjer for ein effektiv og samordna organisasjon, mellom anna HR-strategi. Dette blir gjort med bakgrunn i samfunnsdelen av kommuneplan og i dialog med einingane. Avdelinga bidrar med grunnlagsmaterieil for avgjersler for øvste leing.

Avdelinga tar i vare partssamarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.

Blant andre oppgåver ligg mellom anna forhandling, rekruttering, og HMS og arbeidsnærver.

Eininga har no tre faste stillingar inkl. sektorleing. Vervet som hovudverneombod i 20% er organisatorisk lagt til tenestoområdet.

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Sektor organisasjonsutvikling ble etablert 01.01.25 som eit resultat av gjennomgang av administrativ organisering. Målet var å samle alle stab- og støttefunksjonær for betre å koordinere innsatsen. Det er ønske om at ein saman skal finne dei mest framtidsretta og effektive måtane for å bidra til einingane si oppgåveløysing.

Sektoren har vide fagfelt og må stadig prioritere oppgåvene. Ein har hatt vakansar i alle einingane. Nytilsetjingar og kommande opplæring vil bidra til vidare utvikling av området og at ein kjem ajour på

oppgåver kring økonomisk internkontroll, GDPR, innkjøp og store restansar på sjukepengerefusjon, oppdatering av reglement med meir.

Det er viktig å behalde og vidareutvikle avdelinga sine medarbeidarar, slik at ein sikrar nødvendig kompetanse for å ivareta oppgåvene best mogeleg.

Ny økonomisjef er tilsett og vil starte i januar 2026.

Samfunnsutviklinga krev fokus på endring og omstilling der vi vågar å utforske det ukjente og vågar å stå i spenninga mellom det nye og det gamle. Gjennom godt samarbeid og endringsevne har vi ei unik moglegheit til å påverke og å nå mål saman med andre.

Ny arbeidsgivarpolitikk er vedteke. Den vil vere eit bidrag til at vi når måla i samfunnsplan. Ein har starta arbeidet med å lage gode strategiar og utøve politikken for å kunne rekruttere, utvikle og behalde kompetente medarbeidar og å utvikle oss som ein framtidsretta og nyskapande arbeidsgivar.

Samtidig ser vi at oppgåvene blir fleire. Det blir meir fokus på å modernisere og gjere offentlege tenester meir samanhengande. Det betyr mellom anna:

- Større fokus på beredskap og sikring av verdiar og informasjonssystem.
- Bruk av betre og tryggare digitale løysingar for effektivitet og ressursfrigjering.
- Auka digital modning blant tilsette.
- Fokus på digitalt utanforskap og universell utforming, som gjeld alle aldersgrupper.
- Det vil også vidare bli fokus på oppdatering og vidareutvikling av sentrale styringsdokument, reglement, retningslinjer mm for å styrke organisasjonen si evne til ei berekraftig styring.
- fokus på å implementere digitale løysingar som kan medverke til meir effektiv oppgåveløysing. Dette gjeld både for eigne interne arbeidsprosessar, men og i stor grad for arbeidsprosessane i resten av organisasjonen.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Mange av utfordringane kommunane står i kan ein kjenne seg igjen i:

Demografiske endringar, med mellom anna fleire eldre og færre i arbeidsfør alder og utanforskap samtidig som kommunale oppgåver aukar.

Rekruttering og kompetanseutfordringar i tider med stor knappheit på ressursar og behov for endringskapasitet

Den sikkerheitspolitiske situasjonen som krev styrka beredskap, motstandsdyktigheit og digital sikkerheit.

Ein vil i det vidare arbeidet prioritere oppgåver i lys av dette.

Fagfelte som ligg til sektoren er i rask utvikling. Det er aukande behov for å initiere, støtte og drive omstillingsprosessar knytt til organisering, økonomistyring, forbetring og digitalisering. Sektoren skal heile tida arbeide for å gjere dei rette tinga rett. Vi skal bidra med støtte slik at einingane kan tilpasse seg og tilby relevante tenester. Vi ønsker at tenestene vi tilbyr er enkle, tilgjengelege og lettar kvardagen forde vi er til for.

Økonomiplan for 2026-2029

Ein har sett at ein må ha betre system for og koordinering av verksemdstyringa. Styringsverktøyet Framsikt vil bli nytta for å få etablert ein betre samanheng mellom måla i samfunnsplan, prioriteringar, resultatoppnåing, økonomiplan og budsjett.

Arbeidet med personvern og informasjonssikkerheit, universell utforming, digitalt utanforskap vil fortsette. I 2026 tek vi i bruk nytt kvalitetssystem. Sak- og arkivsystem skal på nytt anbud med mål om å sikre framtidsretta og effektiv løysing.

Arbeidet med å styrke leiarskapen vil fortsette i 2026. Ein vil arbeide med å sette den nye arbeidsgivarstrategien i verk. Det blir fokus på verdiar, godt leiarskap, godt medarbeidarskap og driftsnært partssamarbeid.

Stabssjef organisasjonsutvikling

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	0	0	0	0
Ramme 2026-2029	0	0	0	0

Kommunedirektør, politisk leing og serviceavdelinga

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	23 648	23 648	23 648	23 648
Sum Vedtak forrige periode	-1 044	-758	-747	-747
Sum Budsjettendring i år	-479	-479	-479	-479
Konsekvensjusteringer	-1 523	-1 237	-1 226	-1 226
Konsekvensjustert ramme	22 125	22 411	22 422	22 422
Nye tiltak				
Endring i kontingent ROR-IKT	-66	0	0	0
Kontrollutvalet og Møre og Romsdal revisjon budsjett 2026-2027	70	74	74	74
Lokalt lønsoppgjer 2025	53	53	53	53
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	43	43	43	43
Utviding av tiltaket "Avlevering og rydding av kommunen sitt arkiv"	500	0	0	0
Sum Nye tiltak	600	170	170	170
Nye tiltak og realendringer	600	170	170	170
Ramme 2026-2029	22 725	22 581	22 592	22 592

Økonomiavdelinga

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	9 410	9 410	9 410	9 410
Sum Budsjettendring i år	267	267	267	267
Konsekvensjusteringer	267	267	267	267
Konsekvensjustert ramme	9 677	9 677	9 677	9 677
Nye tiltak				
Lokalt lønsoppgjer 2025	160	160	160	160
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	96	96	96	96
Sum Nye tiltak	255	255	255	255
Nye tiltak og realendringer	255	255	255	255
Ramme 2026-2029	9 933	9 933	9 933	9 933

Organisasjonsavdelinga

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	5 777	5 777	5 777	5 777
Sum Budsjettendring i år	250	250	250	250
Konsekvensjusteringer	250	250	250	250
Konsekvensjustert ramme	6 027	6 027	6 027	6 027
Nye tiltak				
Lokalt lønsoppgjer 2025	112	112	112	112
Overgang fra KS-læring til LMS	100	100	100	100
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	5	5	5	5
Sum Nye tiltak	217	217	217	217
Nye tiltak og realendringer	217	217	217	217
Ramme 2026-2029	6 244	6 244	6 244	6 244

Oppvekst og kultur

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Attraktiv kommune	1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad
	1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid
Aukra i regionen	4.1 Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i
Barn og unge	2.1 Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
	2.2 Utjamne sosiale skilnader
	2.3 Medverknad frå barn og unge
	2.4 Eit godt fysisk oppvekstmiljø
	2.5 Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium

Tekst til måltabell

Oppvekstvilkåra til barn og unge i Aukra kommune er generelt sett gode. I all hovudsak trivst barna og ungdommane med barnehage og skole, og med fritida si. Dei trivst òg med foreldre og familie. Samstundes er det liten tvil om at behovet for å legge tilrette for ei aktiv fritid med varierte tilbod er større enn nokon gong. Vel så viktig som at lag, foreiningar og kommune med vidare har tilbod med organisert aktivitet, er møteplassar der barna og ungdommane treffast for å prate og berre vere i lag. Dette for mellom anna å hindre utanforskar og dragning mot meir usunne oppvekstmiljø.

Måla til Aukra kommune i samfunnsplana er ambisiøse; alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid, vi skal ha eit godt psykososialt oppvekstmiljø, systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge og tidleg innsats er eit viktig kriterium, vi skal ujamne sosiale skilnadar, barn og unge skal medverke og vi skal ha eit godt fysisk oppvekstmiljø.

Aukra kommune jobbar godt med alt dette. Vi har dei siste åra tatt store steg med tanke på systematikk i arbeidet med barn og unge, og tverrfagleg samarbeid utviklar seg jamt til det betre. Dette arbeidet har sitt utgangspunkt i BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats). BTI Aukra har eigen nettstad. Mot slutten av 2025 vil psykisk helseteam for barn og unge vere på plass. I samband med mellom anna denne etableringa, har kommunen fått på plass psykolog i full stilling. Eitt av måla med BTI-arbeidet er at tenestene på oppvekst- og helseområdet skal jobbe tettare saman - ikkje minst er dette viktig i arbeidet for god mental helse. Stafettlogg er eit digitalt samarbeidsverktøy som er i etableringsfasen, og skal bidra til tidleg samhandling i saker mellom ulike aktørar. Det kan også vere aktørar på fritidsarenaen.

For familiar med særskilt behov er det støtteordningar som sikrar deltaking i minst ein fritidsaktivitet for barn og unge. Kommunen har ei ordning med sokalla kontantkasse, men den har vore lite i bruk det siste året. Det kan skuldast av kommunen har låge prisar og gratisarrangement for barn og unge. Innvandring og integrering sørgjer for ein gratis fritidsaktivitet i eitt år til nybusette barn med flyktningsbakgrunn. Om behovet strekkjer seg ut over eitt år kan det også gis støtte til, då vi ser kor viktig det er for barna å delta i ein organisert aktivitet. NAV legg alltid til grunn barne- og familieperspektivet i sakshandsaming av søknader for å sikre at barn og unge sine behov vert ivareteke.

Å hindre utanforskar er ei sentral oppgåve i sektoren. NAV sin forskriftsfesta ungdomsgaranti skal sikre tett oppfølging av alle mellom 16 og 30 år. NAV Aukra tilbyr dei i aktuell gruppe eigen kontaktperson, tett individuell oppfølging og samarbeid med andre sentrale samarbeidspartnarar og arbeidsgjevarar. Moglegheiter for jobbtrening er òg viktig for den enkelte. NAV jobbar difor tett med arbeidsgjevarar - kommunen inkludert - for å styrke innsatsen på dette området.

Skolane si etablering av ein praktisk læringsarena for elevar som treng noko anna enn "normalskolen" i større eller mindre delar av veka, må også nemnast. SMIA på Gossen barne- og ungdomsskole og SMIA på Julsundet skole er viktige arenaer for fleire elevar. Tilrettelegging for alle elevar er viktig i Aukraskolen. Samstundes skal det framover jobbast hard med å få ein skoledag der alle kan vere ein del av det store fellesskapet som klassen er. Vi skal ha ein inkluderande skole for alle der fellesskap og det å kjenne seg inkludert er viktige føresetnader for elevane si utvikling, læring og trivsel. Skolen skal vere ein stad der alle opplever å høyre til. Det kan òg nemnast at begge skolar har skoleljos i 5+ % stilling. Skolelosen hjelper i situasjonar knytt til byrjande eller pågåande skolefråvær.

Aukra kommune er ein SLT-kommune (Samordning av Lokale rus- og kriminalitetsforebyggende Tiltak), og gjennom jamlege samarbeidsmøte vert tenester på tvers stadig meir kjente med kvarandre og saman kan dei i ein tidleg fase jobbe med eventuelle utfordringar i oppvekstmiljøet. Politirådet må også trekkast fram som eit viktig organ og bindeledd mot SLT-arbeidet.

Aukra kommune er også ein MOT-kommune. Alle MOT-besøka i programmet er gjennomførte. Det er godt oppmøte på open kveld - og ekstra positivt at ungdommane på tvers av fjorden møtast.

Møteplassar for ungdom med faste vaksenpersonar er viktig. Ikkje all fritid kan eller skal vere organisert. Det å møtast hindrar i seg sjølv utanforskap. Det er dessverre krevjande å få god stabilitet blant dei tilsette i dette tilbodet, så det vil bli sett på tiltak framover for å betre situasjonen.

Skolane og barnehagane i Aukra jobbar kontinuerleg med å sikre eit godt psykososialt oppvekstmiljø. Skolane deltek i skoleåra 24-25 og 25-26 i Utanningsdirektoratet sitt læringsmiljøprosjekt. Rettleiarar frå Læringsmiljøsenteret ved Universitetet i Stavanger er i jamleg og direkte samarbeid med skolane våre for å heve tilsette sin kompetanse og for å utvikle systematikken i læringsmiljøarbeidet. Arbeidet med læringsmiljøet må gå hand i hand med utvikling av kvalitet i læringsarbeidet. Skolane våre har difor jobba særskilt med dei grunnleggande dugleikane lesing og skrivning dei to føregåande skoleåra. Det har dei gjort i tatt samarbeid med kompetanse frå NTNU. Resultatet av arbeidet, og føringar for korleis det skal jobbast med lesing og skrivning på alle trinn i Aukraskolen framover, vil konkret vise seg i Aukra kommune sin eigen lese- og skriveplan. Planen går i trykken hausten 2025.

Prinsippa i Trygghetssirkelen (COS) er noko det blir jobba godt med i heile oppvekst- og kultursektoren, og då særskilt i barnahagne og skolane. I barnehagane får alle nyttilsette fordjuping i Trygghetssirkelen. Foreldre får tilbod om kurs i Trygghetssirkelen (COS-P: Circle of Security - Parenting)

Skolane har elevråd tilknytt trinna og jobbar godt med å la elevane si stemme bli høyrte.

Dei i alt fire barnehagane og skolane i Aukra har alle eigen kokk. Dette bidreg til utjamning av sosiale skilnader, det sikrar totalt sett eit sunnare og meir variert kosthald.

Barnehagen og skolane i Aukra har gode uteområde som legg til rette for variert aktivitet. Utvikling av sine skolane sine uteområde skal vurderast særskilt i 2026.

Økonomiplan for 2026-2029

Frå inneverande barnehage- og skoleår av er Romsdalsløypa etablert. Gjennom dette tilbudet vil alle Aukrabarn frå 5 - 16 år få mange lærerike og morosame tilbod som sikrar stor kjennskap til eigen kommune og region.

Knytt til målet om at alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid har Innvandring og integrering aktivitetar kvar veke for kvinner og menn frå 15 år og oppover i samarbeid med Stiftelsen JoinUS. Dette er ein møteplass for aktivitetar, meistring og fellesskap. Kulturskolen har aldri hatt fleire elevar enn no med om lag 300 i talet. Dette medfører også lange ventelister. Det er utfordrande å halde kontinuiteten med små stillingar. Dette gjeld både for miljøarbeidarstillingane i kulturavdelinga og for lærarar i kulturskolen.

Kommunen sin samfunnsplan seier at systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium. Innvandring og integrering gjennomfører eit obligatorisk lågterskeltilbod i foreldrerettleiing for alle deltakarar i introduksjonsprogrammet som er foreldre eller venter barn.

Det er eit mål i Aukra kommune at barn og unge skal medverke. Særleg viktig er det på område kor dei sjølve deltek, samstundes som det òg er viktig at deira stemmer blir høyrde i spørsmål som gjeld utvikling i kommunen og i samfunnet generelt. Det er gledeleg å registrere at ungdomsrådet sin talerett i kommunestyret har vore nytta i fleire saker det siste året.

Sektor for oppvekst og kultur er involvert i interkommunale samarbeid knytt til barneverntenesta, PPT og Tøndergård skole. I alle desse tre samarbeida er Molde kommune vertskommune. Vidare har kommunen eit samarbeid med Molde kulturskole. Aukra kommune er vertskommune i skolesamarbeidet med Hustadvika kommune om felles ungdomssteg ved Julsundet skole. På skole- og barnehageområdet er det eit fagleg samarbeid mellom kommunar i Kunnskapsnett Romsdal.

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur	55 095	10 909	13 575	12 061	11 011	11 011	11 011
Gossen barne og ungdomsskole	2 876	45 990	55 046	52 518	50 530	49 601	49 497
Julsundet skole	28 833	26 385	32 750	33 827	32 136	30 977	30 625
Barnebo barnehage	22 620	28 721	29 151	27 717	26 845	26 845	26 845
Bergetippen barnehage	17 844	20 143	21 406	23 704	22 776	21 235	21 235
Innvandring og integrering	26 704	26 156	29 106	28 199	27 849	27 849	27 849
Kultur	16 337	17 942	17 162	18 544	18 206	18 166	18 166
NAV Aukra	10 747	9 962	10 077	7 890	7 162	7 162	7 162
Barnevern	9 738	10 540	11 540	10 540	10 540	10 540	10 540
Sum	190 794	196 748	219 813	215 000	207 054	203 385	202 929

Omtale av sektoren

Sektor for oppvekst vart etablert frå 1. januar 2025 i samband med omorganisering i organisasjonen. Sektoren omfattar i alt sju driftseiningar. Det er eining for Innvandring og integrering, Kultur, NAV, Bergetippen barnehage i Julsundet, Barnebo barnehage på Gossen, Julsundet skole og Gossen barne- og ungdomsskole. Kommunalsjef for Oppvekst og kultur leiar sektoren, som også består av tre medarbeidarar i eigen stabsavdeling.

Barnevernet, som for Aukra kommune sin del er ein del av eit interkommunalt samarbeid med Molde som vertskommune, høyrer òg til under sektorområdet oppvekst og kultur. Det same gjer PP-Tenesta.

Samla har kultur og oppvekst i underkant av 200 tilsette, eller noko over 160 årsverk. Skole er det største fagområdet i sektoren.

Aukra kommune har om lag 160 barn i dei to barnehagane våre. Bergetippen barnehage på fastlandet og Barnebo på øydslen av kommunen har no om lag like mange barn. For ikkje mange år sidan var barnehagen på Gossen betydeleg større. Sjølv om det blir færre barn i Barnebo barnehage på Gossen, er delen av barn med framandspråkleg bakgrunn aukande.

Skolane våre, Gossen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole, er begge 1 – 10 skolar. Sist skoleår var det knapt 290 elevar på Gossen barne- og ungdomsskole, og om lag 40 færre på Julsundet skole. På Julsundet skole har kommunen eit samarbeid med Hustadvika kommune om felles ungdomssteg, og om lag 60 av elevane på steget høyrer til i nabokommunen. Nærare ein tredel av elevane på Gossen barne- og ungdomsskole har framandspråkleg bakgrunn. Det er krevjande å rekruttere kvalifisert personale generelt, og spesielt krevjande er det opp mot dei framandspråklege. I takt med auke i talet på gratis timar barn i 1. -4. klasse har rett på i SFO, auke barnetalet i tilbodet ved begge skolane.

Eining for innvandring og integrering består av tre avdelingar; ei for busetting, kvalifisering og integrering av vaksne flyktningar og flyktningfamiliar, ei for einslege mindreårige flyktningar og ei avdeling for vaksenopplæring med tilbod i norsk og samfunnsfag. I 2025 tek kommunen imot 25 flyktningar. 3 av dei er einslege mindreårige.

NAV sin tenester på det kommunale feltet er hovudsakleg innanfor områda sosialhjelp, kvalifisering, bustad og økonomisk rettleiing. Ei av dei viktigaste oppgåvene for NAV er å bidra så langt som mogleg til at all hjelp har eit føremål om å fremje deltaking i arbeids- og samfunnsliv.

Kulturavdelinga består av tenester på områda og fagfelte kulturskole, bibliotek, folkehelse, idrett og friluftsliv, frivilligsentral, BUA (utlånssentralen for friluftsliv- og idrettsaktivitet), kulturformidling og førebyggjande arbeid for barn og unge. Eininga driftar òg Aukra kulturhus og basseng. Kulturlivet i Aukra kommune har framleis stor aktivitetsauke etter at nytt kulturhus vart opna i september 2022.

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Befolkningsprognosane for økonomiplanperioden 2026 - 2029, tyder på ei lita auke i barnetalet barnehagane. Elevtalet i grunnskolen er venta å gå ned med om lag 30 elevar i fireårsperioden. Det er stor usikkerheit knytt til slike framskrivingar i ei lita befolkning, og vil også avhenge av vidare utvikling knytt til mottak av flyktningar og eventuelle endringar i verdssituasjonen som potensielt kan medføre at folk flyttar tilbake til heimlandet.

Vi ser framleis at talet på barn i barnehagen og i skole som treng særskilte tiltak er høgt. Målet er å få denne utvikling til å flate ut og etter kvart gå ned. Variasjon i metode og aktivitetar skal vurderast i arbeidet med å syte for at «normaltilbodet» er det som passar for dei aller, aller fleste. Tilbodet om praktisk læringsarena må vidareutviklast, samstundes med at metodar som nyttast mot denne elevgruppa også må brukast meir generelt på skolane. Skolen skal utviklast til å ha meir praktisk læringsarbeid. Vi skal som nemnt også i fjor, ha ei utvikling i Aukraskolen kor dei aller fleste elevane sine utfordringar handterast og løysast innanfor rammene av fellesskapet.

Skolane held fram satsinga med å jobbe for eit godt og trygt læringsmiljø for alle elevar.

Den no ferdige lese- og skriveplan for grunnskolane i kommunen skal nyttast aktivt i arbeidet for å betre elevane sin lesedugleik. Dessverre ser vi ei utvikling der grunnskoleelevar i sum les dårlege enn tidlegare. Denne utviklinga må mellom anna snuast med meir mengdetrening.

God psykisk helse er ein føresetnad for trivsel og læring, og i det å hindre utanforskap. Alle tenesteområde i oppvekst og kultur skal ha fokus på å jobbe med trivsel og inkludering for barn og unge. Det skal mellom anna skje gjennom vidare satsing og fokus på Trygghetssirkelen (COS) og i at vi har med oss MOT-filosofien i alt vi gjer. Seinast frå starten av 2026 skal psykisk helseteam for barn og unge vere ein etablert teneste i Aukra kommune.

BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats) skal nyttast i Aukra kommune sine tenester for barn og unge. Det er framleis mykje arbeid som står att for å styrke det faglege samarbeidet på tvers av einingar og fag.

I barnehagane, og som ein del av kommunen sitt førebyggjande arbeid møter foreldre Trygghetssirkelen gjennom heile oppveksten til barna, mellom anna på foreldremøte, gjennom foreldreaktiv tilvenning til barnehagen, i foreldresamtalar og i tilbod om foreldrekurs. Barnehagane gjennomfører kvart år foreldrekurs i Trygghetssirkelen (COS-P) til foreldra i barnehagen og andre foreldre ved kapasitet. COS-P er basert på mange tiår med forskning på kva som gir barn ei trygg tilknytning til sine næraste omsorgspersonar.

Som nemnt er barnetalet i våre to barnehagar no nær likt. Utviklinga går i retning av fleire barn i barnehagealder på fastlandet enn på øya. Kommunen må sjå på dimensjoneringa av begge våre barnehagar framover, og spesielt viktig blir det å kartlegge behovet i Julsundet. Det tyder mellom anna å kartlegge om auken i barnetalet der mest sannsynleg vil vere permanent høgare, og om det i så fall er behov for større areal.

Det er store utfordring knytt til å rekruttere kvalifisert personale for å ta i vare behovet for språklæringa til framandspråklege barn. Vi ser difor behovet for å igjen samle barn i grunnskolealder i ein mottaksklasse, og at det er eining for Innvandring og integrering som for ansvar for tilbodet. Det må sjølvstendig skje i tett samarbeid med skolane.

På integreringsfeltet har Aukra kommune som mål å oppretthalde talet på flyktningar som etter avslutta introduksjonsprogram kjem seg ut i arbeid eller utdanning. Desse tala har over tid vore særst gode i Aukra. Målet er òg at flyktningar som går ut av grunnskolen skal kome seg over i vidaregåande opplæring.

Kampen mot utanforskap held fram. Alle einingar og tenesteområde i sektoren har eit ansvar for å jobbe med denne problematikken. I det ansvaret ligg òg å samarbeide med andre sektorar i kommunen, og der det er naturleg med frivilligheita og med lag og organisasjonar.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Det blir viktig på å legge tilstreккеleg med tid og ressursar i å rekruttere godt i ein arbeidsmarknad kor kampen om kompetansen kanskje er tøffare enn nokon gong. God og nok kompetanse er avgjerande for kvalitativt gode tenester.

Alle som i sine tenester har med barn og unge å gjere, skal jobbe med å møte alle med varme og klokskap. Å jobbe for at alle skal vere ein del av fellesskapet er ikkje først og fremst eit ressurspørsmål, men det handlar om trivsel for den enkelte og folkehelse blant innbyggjarane våre.

I 2026 vil psykisk helseteam for barn og unge vere etablert. Dette skjer i eit tett samarbeid med sektor for Helse og omsorg. Målet er at psykisk helseteam for barn og unge blir viktig i det å kome tidleg inn i saker det er knytt bekymring til, og at teamet bidrar til tverrfagleg innsats.

Sjølv om kommunen no set ekstra ressursar inn på å hjelpe barn og unge og deira familiar særskilt i krevjande livsfasar, er likevel det aller viktigaste målet at Aukra kommune skal ha god tenester på «normalarenaene» - i barnehagen, på skolen, på fritidsklubben og så bortetter. Kvalitet i basistenesene minkar behovet for særskilte tiltak. Det er òg viktig å samarbeide godt med lag og foreiningar som har fritidstilbod for barn og unge.

Aukra kommune held fram med å gje alle tilsette som arbeider med barn og unge ei grunnleggande innføring i "Trygghetssirkelen". Det vil framleis gå ut tilbod til foreldre om foreldrerettleiingskurs basert på trygghetssirkelen.

Alle einingar skal jobbe vidare med nærvær og lågt sjukefråvær. Vi ser at det kontinuerlege fokuset dette har hatt over tid gjev resultat for mange av einingane i sektoren. Barnehagane held i 2026 fram med gjennomføring av tiltaka i handlingsplanen etter «En bra dag på jobb»- prosjektet som vart gjennomført i 2024.

Det er eit pågåande arbeid å halde flest mogeleg i arbeid lengst mogeleg. Barnehage er ein av bransjane det er eit ekstra fokus på, gjennom IA-avtalen.

Rektorane i skolen har svært mange tilsette dei er personalleiar for. Kommunedirektøren vil vurdere om det kan vere tenleg å fordele personalansvaret i større grad.

Det er mange framandspråklege barn både i barnehage og skole, særleg på Gossen. På begge skolar blir det brukt mykje ressursar på klassesdeling grunna val av ulik målform. Dette, saman med mange andre utviklingstrekk blant barn og unge, gjer at kompleksiteten i klasseromma ofte blir krevjande. Inkludering vart lovpålagt i ny opplæringslov og det krev ein målretta innsats kvar einaste dag både på skolen, i heimane og på fritida, og det har stor betydning for Aukra-samfunnet. Å jobbe for tilhøyrslø og inkludering er eit viktig mål framover.

I Barnebo barnehage er 40 % av barna minoritets-, to- og fleispråklege. Barnehagen har med det eit stort mangfald med mange religionar, kulturar, skikkar og språk. Vi vel å sjå på mangfald som ein verdi og ein ressurs. Likevel kan språkbarrierar vere krevjande, spesielt i tilfelle der vi ikkje har eit felles språk med foreldra. Då blir kommunikasjon og informasjon meir tungvindt, ikkje så spontan og må planleggast. I det daglege pedagogiske arbeidet er det krevjande for barn å ikkje bli forstått og å nå fram med budskapen sin, og for tilsette opplevast det som vanskeleg å ikkje kunne forstå og hjelpe så godt som dei ønskjer.

Aukra kommune skal førebygge fråfall i tidleg alder, og iverksette tiltak raskt når ein elev har høgt skolefråvær. Skolane har framleis ei utfordring med skolevegring, men det er no svært få som er borte frå

skolen heilt eller delvis. Dette er likevel eit viktig fokus hos oss, og saman med skole-LOS og våre miljørettleiarar jobbar vi aktivt med å få ned skolefråværet.

Kommunen vil fortsette å jobbe saman med næringslivet for å realisere målet i samfunnsplanen om sommarjobb for alle 10.klassingane i kommunen. Erfaringane frå tidlegare år er at både elevane og foreldra set stor pris på tilbodet, og sommarjobben kan vere eit godt rekrutteringstiltak på lengre sikt.

Barnehagetilbodet i Julsundet skal vurderast i eiga utgreiing våren 2026. Per no er det grunna arealmangel behov for å organisere ei utgruppe på Bergetippen. Det vil det òg vere behov for barnehageåret 2026-2027. Også for personalet er det trøgt på Bergetippen. Det skal vurderast om dette vil vere ein permanent situasjon i åra som kjem, og om det er behov for auke i arealet. Barnetalet i Julsundet gjer òg at det er ein aukande tendens til at fleire familiar enn tidlegare vel barnehagetilbod utanfor eigen kommune. Då blir dei gjerne verande i det barnehagetilbodet heile barnehagetida. Det medfører både ein kostnad for Aukra kommune, og barn som seinare skal starte på skolen i lag er kanskje mindre kjent med kvarandre enn kva dei elles ville kunne vore.

Barnevernsreforma/oppvekstreforma krev at kommunen blir enda betre på tidleg innsats og førebygging i barnehagen. Grunnpilaren i reforma er førebygging og tidleg innsats, heilskapleg tenestetilbod som krev samarbeid og samhandling på tvers av mange kommunale tenester.

Med makspris på kr 700 frå 1. august 2025, blir det frå 2026 tilbydd berre heile plassar. Det er liten forskjell i pris frå 80 til 100 % plass, og foreldre får meir fleksibilitet med fulltids plass når dei skal ta ut fridagar for barna.

Dei siste åra har det skjedd store endringar i flyktningfeltet. Etter mange år med låge busettingstal, vart situasjonen brått endra då krigen i Ukraina braut ut. Høge busettingstal dei første 2-3 år førte til auke i ressursane i eininga. No har situasjonen snudd, talet på flyktningar som kjem til Noreg minkar, og eininga må rekne med å redusere talet på tilsette. Dette vert i første omgang løyst ved naturleg avgang.

Eining for innvandring og integrering må framleis ha fokus på vidareutvikling av tenesta og tilpasse seg til dei hyppige endringane som skjer i integreringslova, då særskilt med tanke på flyktningar frå Ukraina med midlertidig kollektiv vern. Alle deltakarar i introduksjonsprogrammet får tilbod om karriererettleiing. Introduksjonsprogrammet er individuelt tilpassa og skreddarsydd for den einskilde deltakar.

Eininga vil framleis ha stort fokus på arbeidsretting av introduksjonsprogrammet, og det gode samarbeidet med andre kommunale einingar og privat næringsliv må halde fram. Dette samarbeidet gjer at mange deltakarar i introduksjonsprogrammet har moglegheit til å kombinere norskopplæring med arbeidspraksis i bedrift, noko som i fleire tilfelle har ført til jobb. Det er eit krav at deltakarar i introduksjonsprogrammet med midlertidig kollektiv vern skal ha arbeidsretta tiltak frå 4. månad i programmet.

Eininga har tre tilsette som er sertifiserte ICDP (International ChildDevelopment Program) rettleiarar og fire tilsette er no i gang med sertifiseringa. Det betyr at vi vil få foreldrerettleiarar på språka kinyarwanda, swahili, fransk, dari, russisk, polsk og pashto. Foreldrerettleiing er ein av modulane som er obligatorisk i introduksjonsprogrammet.

Det er eit stort behov for utdanningsløp for deltakarar over 25 år, og Innvandring og integrering vil framleis ha fokus på samarbeid med Møre og Romsdal fylke og dei vidaregåande skolane i området med tanke på utdanningstilbod til denne gruppa. Eininga vil også ha styrka fokus på korte kvalifiseringsløp i samarbeid med NAV innanfor spesifikke fagområde. I den nye integreringslova er det fokus på frivilligheit og friluftsliv i introduksjonsprogrammet fagområde. I den nye integreringslova er det fokus på frivilligheit

og friluftsliv i introduksjonsprogrammet, og eininga vil derfor halde fram med å rekruttere frivillige som kan bidra i arbeidet med integrering. Saman med NAV og Heimetenesta, har Eining for innvandring og integrering ein avtale med Stiftelsen JoinUs om gatefotball. Dette er eit tilbod ein gong i veka for alle over 15 år. Før fotballtrening møtast alle til eit måltid mat og sosialt samvær. Det er per i dag omlag 30 personar som nyttar seg av tilbodet. Dette er eit førebyggjande tiltak som har fokus på meistring, nettverk og samhandling, samt å hindre einsemd og utanforskap. Frå januar 2023 vart dette tilbodet utvida til å gjelde aktivitetar for kvinner. Kvinnene møtast kvar måndag til ulike aktivitetar. Eining for innvandring og integrering søker aktivt om tilskot saman med Stiftelsen JoinUs. Dette for å få i gong fleire aktivitetstilbod, særskilt med tanke på aktivitetar for barn og unge i sommarferien.

Eining kultur har ei sentral rolle som samarbeidspart og tilretteleggjar for at frivilligheita i kommunen skal ha gode rammevilkår. Saman med lag og organisasjonar skal vi arbeide for at endå fleire finn glede i eit godt fellesskap som frivillig i Aukra. Når vi framsnakkar og unner kvarandre suksess bygger vi stoltheit og tilhøyrse. Med Fokus på «vi-kjensla» skal vi nå målet om at alle skal kjenne at dei høyrer til i Aukra.

Meirope bibliotek er ei teneste frå biblioteket som gjer lånarane utvida tilgang til biblioteket sine lokale og mediesamlinga utanom ordinær opningstid. For å kunne nytte meirope bibliotek må ein ha lånekort og i tillegg signere ein avtale om bruk.

Ei viktig oppgåve i kulturminneforvaltninga å ha lagringsplass til ulike kulturminne. Det må vurderast korleis kommunen kan ta i vare dei kulturminna som vi har og får.

Kultur-eininga har ei viktig rolle å spele i det førebyggjande arbeidet blant barn og unge. Eininga ønskjer å vere med å vidareutvikle det tverrfaglege samarbeidet og å skape endå meir foreldreinvolvering.

BUA Aukra har sykklar i sitt utlånssortiment. Syklane blir lagra ute på nordsida av kulturhuset og er utsett for både vær, vind og hærverk. Dette gjer at syklane har kort levetid, og det er behov for tryggare lagring av desse. Der er i budsjettet føreslått å flytte sykkelhotellet som står på ferjekaia til kulturhuset.

I kulturskolen aukar talet på elevplassar i kulturskolen, samtidig som ventelista aukar. Det er utfordrande å rekruttere lærarar til enkelte fag og fagområde. Små stillingar er lite attraktivt. Ved tilsetjing bør ein difor sjå på samarbeid med andre tenester. f.eks. grunnskole eller andre kulturskolar i regionen.

Fleire opplever at det kan vere utfordrande å rekruttere frivillige til verv i lag og organisasjonar. Årsaka til det kan vere at ein er usikker på kva rolla inneber, ikkje ønsker det ansvaret og at det kan bli mykje ekstraarbeid. Som eit tiltak til denne utfordringa, er det aktuelt å arrangere ulike foredrag og kurs som tek for seg temaet, for å gjere fleire betre rusta til å ville ta på seg slike verv.

I 2026 vil NAV Aukra fokusere endå meir på ungdom og deira veg inn i utdanning og arbeid. Dette inneber auka satsing på tilpassa rettleiing, jobbtrening og støtte for å hjelpe unge til å finne sin plass på arbeidsmarknaden eller i utdanning. Samtidig vil NAV Aukra jobba tettare med skular, arbeidsplassar og andre offentlege aktørar for å gi ungdom heilskapleg oppfølging. Det vil vere større vekt på tverrfagleg samarbeid. NAV Aukra skal samarbeida tettare med helsevesenet, andre kommunale tenester og andre instansar for å hjelpe personar med samansette behov, som til dømes psykisk helse eller rusproblem, samtidig som dei får støtte til å komma tilbake i utdanning eller jobb.

Ei viktig utvikling er større fokus på økonomisk rettleiing og gjeldsrådgiving. Fleire menneske, spesielt unge og personar i låginntektsgrupper, vil trenge hjelp til å handtera gjeld og økonomi. NAV Aukra vil auka bruken av økonomisk rådgiving for å hjelpe brukarane med å få kontroll på økonomien, slik at dei kan kome ut av gjeldsproblem og få ein meir stabil kvardag.

Det interkommunale samarbeidet om barnevernstenester med Molde som vertskommune og Vestnes, held fram.

Kommunalsjef og fagstab oppvekst og kultur

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	10 909	10 909	10 909	10 909
Sum Vedtak forrige periode	-240	-240	-240	-240
Sum Budsjettendring i år	2 215	1 165	1 165	1 165
Konsekvensjusteringer	1 975	925	925	925
Konsekvensjustert ramme	12 884	11 834	11 834	11 834
Nye tiltak				
Flytting av ramme kjøp Kriesesenter	-960	-960	-960	-960
Lokalt lønsoppgjer 2025	110	110	110	110
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	27	27	27	27
Sum Nye tiltak	-823	-823	-823	-823
Nye tiltak og realendringer	-823	-823	-823	-823
Ramme 2026-2029	12 061	11 011	11 011	11 011

Gossen barne og ungdomsskole

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	45 990	45 990	45 990	45 990
Sum Vedtak forrige periode	-639	-1 376	-2 294	-2 294
Sum Budsjettendring i år	5 755	4 742	4 731	4 627
Konsekvensjusteringer	5 116	3 366	2 437	2 333
Konsekvensjustert ramme	51 106	49 356	48 427	48 323
Nye tiltak				
2 digitale tavler, BYOD løsning møterom, Mikrofonløsning Egget, lydanlegg gymsal	170	0	0	0
Budsjettadministrativt tiltak: Nulling av ramme Gossen barne- og ungdomsskole (med unntak av nye innmeldte tiltak frå skolene budsjett 26-29 og lønsoppgjer 2025)	-51 106	-49 356	-48 427	-48 323
Lokalt lønsoppgjer 2025	53	53	53	53
Midlar utanfor budsjettmodell Gossen barne- og ungdomsskole - budsjett og økonomiplan 2026-2029	10 807	10 708	9 835	10 100
Modellberekna ramme for Gossen barne- og ungdomsskole - budsjett og økonomiplan 2026-2029	40 299	38 648	38 592	38 223
Møteromsfasiliteter på elevrådskontoret	68	0	0	0
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	1 121	1 121	1 121	1 121
Sum Nye tiltak	1 412	1 174	1 174	1 174
Nye tiltak og realendringer	1 412	1 174	1 174	1 174
Ramme 2026-2029	52 518	50 530	49 601	49 497

Julsundet skole

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	26 385	26 385	26 385	26 385
Sum Vedtak forrige periode	-559	-1 176	-1 976	-1 976
Sum Budsjettendring i år	6 476	6 476	6 476	6 476
Konsekvensjusteringer	5 917	5 300	4 500	4 500
Konsekvensjustert ramme	32 302	31 685	30 885	30 885
Nye tiltak				
Budsjettadministrativt tiltak: Nulling av ramme Julsundet skole (med unntak av nye innmeldte tiltak frå skolene budsjett 26-29 og lønsoppgjer 2025)	-32 302	-31 685	-30 885	-30 885
Lokalt lønsoppgjer 2025	53	53	53	53
Midlar utanfor budsjettmodell Julsundet skole - budsjett og økonomiplan 2026-2029	7 177	6 560	5 760	5 760
Modellberekna ramme for Julsundet skole - budsjett og økonomiplan 2026-2029	25 699	24 625	24 266	23 914
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	898	898	898	898
Sum Nye tiltak	1 525	451	92	-260
Nye tiltak og realendringer	1 525	451	92	-260
Ramme 2026-2029	33 827	32 136	30 977	30 625

Barnebo barnehage

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	28 721	28 721	28 721	28 721
Sum Vedtak forrige periode	-2 541	-3 313	-3 313	-3 313
Konsekvensjusteringer	-2 541	-3 313	-3 313	-3 313
Konsekvensjustert ramme	26 180	25 408	25 408	25 408
Nye tiltak				
Lokalt lønsoppgjer 2025	50	50	50	50
Redusert makspris for foreldrebetaling	748	748	748	748
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	638	638	638	638
Skifte ut te-kjøkken på tre avdelingar på Furutun	100	0	0	0
Sum Nye tiltak	1 537	1 437	1 437	1 437
Nye tiltak og realendringer	1 537	1 437	1 437	1 437
Ramme 2026-2029	27 717	26 845	26 845	26 845

Bergetippen barnehage

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	20 143	20 143	20 143	20 143
Sum Vedtak forrige periode	-230	-230	-230	-230
Sum Budsjettendring i år	1 541	0	0	0
Konsekvensjusteringer	1 311	-230	-230	-230
Konsekvensjustert ramme	21 454	19 913	19 913	19 913
Nye tiltak				
Endring av makspris for brukarar.	772	772	772	772
Friluftsgruppe løn Bergetippen barnehage	928	1 541	0	0
Lokalt lønsoppgjør 2025	62	62	62	62
Sentralt lønsoppgjør 2025 - heilårsverknad	488	488	488	488
Sum Nye tiltak	2 250	2 863	1 322	1 322
Nye tiltak og realendringer	2 250	2 863	1 322	1 322
Ramme 2026-2029	23 704	22 776	21 235	21 235

Innvandring og integrering

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	26 156	26 156	26 156	26 156
Sum Vedtak forrige periode	-160	-160	-160	-160
Sum Budsjettendring i år	1 143	793	793	793
Konsekvensjusteringer	983	633	633	633
Konsekvensjustert ramme	27 139	26 789	26 789	26 789
Innsparingstiltak				
Reduksjon av ei stilling som miljøarbeidar i flyktningtjenesten	-862	-862	-862	-862
Sum Innsparingstiltak	-862	-862	-862	-862
Nye tiltak				
20% administrativ ressurs i velkomstklassen	236	236	236	236
Lokalt lønsoppgjør 2025	132	132	132	132
Sentralt lønsoppgjør 2025 - heilårsverknad	240	240	240	240
Velkomstkklasse for barn i grunnskolealder med minoritetsspråkleg bakgrunn	1 314	1 314	1 314	1 314
Sum Nye tiltak	1 921	1 921	1 921	1 921
Nye tiltak og realendringer	1 059	1 059	1 059	1 059
Ramme 2026-2029	28 199	27 849	27 849	27 849

Kultur

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	17 942	17 942	17 942	17 942
Sum Vedtak forrige periode	-732	-729	-769	-769
Sum Budsjettendring i år	40	40	40	40
Konsekvensjusteringer	-692	-689	-729	-729
Konsekvensjustert ramme	17 250	17 253	17 213	17 213
Driftskonsekvens				
Årleg serviceavgift meirope bibliotek	30	30	30	30
Sum Driftskonsekvens	30	30	30	30
Nye tiltak				
Fritidslos	80	0	0	0
Innkjøp av nytt klassesett med iPad til faget digital kunst	111	0	0	0
Lokalt lønsoppgjør 2025	137	137	137	137
Miljøarbeidarstillingar	525	525	525	525
Sentralt lønsoppgjør 2025 - heilårsverknad	261	261	261	261
Sykkelskur - flytting av sykkelhotell frå ferjekai til kulturhuset	60	0	0	0
Vedlikehald Roktamonumentet	90	0	0	0
Sum Nye tiltak	1 263	922	922	922
Nye tiltak og realendringer	1 293	952	952	952
Ramme 2026-2029	18 544	18 206	18 166	18 166

NAV Aukra

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	9 962	9 962	9 962	9 962
Sum Vedtak forrige periode	-2 167	-2 895	-2 895	-2 895
Konsekvensjusteringer	-2 167	-2 895	-2 895	-2 895
Konsekvensjustert ramme	7 795	7 067	7 067	7 067
Nye tiltak				
Lokalt lønsoppgjør 2025	71	71	71	71
Sentralt lønsoppgjør 2025 - heilårsverknad	24	24	24	24
Sum Nye tiltak	95	95	95	95
Nye tiltak og realendringer	95	95	95	95
Ramme 2026-2029	7 890	7 162	7 162	7 162

Barnevern

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	10 540	10 540	10 540	10 540
Konsekvensjustert ramme	10 540	10 540	10 540	10 540
Ramme 2026-2029	10 540	10 540	10 540	10 540

Helse og omsorg

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Attraktiv kommune	1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad
	1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid
Aukra i regionen	4.1 Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i
Velferd og omsorg	3.1 Kvalitativt gode tenester
	3.2 Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester
	3.3 Ansvar for eige liv og helse

Tekst til måltabell

1.4 Aukra-samfunnet – variert arbeidsmarknad

Aukra kommune legg til rette for varierte og interessante arbeidsplassar for å tiltrekke og behalde folk. Samarbeid med næringslivet og andre aktørar er viktig for å skape nye jobbtilbod og sikre at både unge og etablerte kan ha karriere i kommunen. Digitalisering og tenesteinnovasjon, særleg innan helse og omsorg, blir implementert som permanente tiltak, og nye profesjonar og ressursar frigjer fagkompetanse til pasientoppfølging.

1.5 Variert og aktiv fritid

Alle innbyggjarar skal ha høve til aktiv fritid. Kommunen tilbyr dagsenter, dagaktivitetar, «Aktiv senior»-tilbod, frivillige matombringar og kulturtilbod. Transport til og frå aktivitetar bør styrkast for å auke deltaking, førebyggje einsamheit og betre helse, slik at fleire kan bu heime lenger. Aktivt lokalmiljø fremjar trivsel og er viktig for framtidig rekruttering av helsepersonell.

4.1 Interkommunale samarbeid

Aukra vidarefører og utviklar interkommunale samarbeid for å sikre likeverdige og effektive tenester, til dømes legevakt, KAD, krisesenter og heime-tenester. Slike samarbeid gir rasjonalitet, felles utvikling og nyttig kompetansedeling, særleg innan psykisk helse og rusomsorg for ROP-pasientar.

3.1 Kvalitativt gode tenester

Tilstrekkeleg bemanning og kompetanse er avgjerande for kvalitet. Alle tilsette, inkludert vikarar, får kontinuerleg opplæring og mentoroppfølging. Objektive kriterium og brukarundersøkingar blir brukt for å måle kvalitet. Velferdsteknologi og tenesteinnovasjon blir vidareutvikla for å styrke tryggleik og effektivitet.

3.2 Rekruttering av helsepersonell

Aukra satsar på rekruttering og beholdning av helsepersonell gjennom attraktive stillingar, gode arbeidsvilkår og kompetanseutvikling. Eigne tilsette og eit robust fagmiljø prioriterast framfor vikarbyrå. Låg turn-over og høg andel heiltidsstillingar er eit resultat av målretta arbeid med arbeidsmiljø, opplæring og forutsigbare arbeidsoppgåver.

3.3 Ansvar for eige liv og helse

Innbyggjarar får støtte til eigenaktivitet og ansvar for helse og livskvalitet. Ergoterapi og andre tilbod

fremjar sjølvstende, medan informasjon og tilrettelegging aukar medverknad og førebygging av sjukdom, einsamheit og psykiske plagar.

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg	0	1 261	1 585	3 768	3 768	3 768	3 768
Institusjon og butenester	72 170	65 072	77 315	79 453	77 576	77 880	77 580
Tenester til heimebuande	38 673	38 112	37 514	37 828	36 956	36 924	36 924
Helse	21 500	22 818	23 414	25 406	25 246	25 246	25 246
Sum	132 343	127 263	139 828	146 455	143 546	143 818	143 518

Omtale av sektoren

Sektorområdet helse og omsorg omfattar institusjons- og butenester, tenester for heimebuande, samt legetenester, fysio- og ergoterapi og helsestasjon/skulehelseteneste som er organisert i eininga helse. Tenestene er organisert i to einingar: Helse og Pleie og omsorg.

Frå 01.januar 2026 vil eininga Helse bestå av fire avdelingar: legesenter, fysioterapi, ergoterapi og helsestasjon/skulehelseteneste. Samstundes blir psykisk helse og rus ein del av eininga. Helse har avdelingsvis leing, og frå 01.august 2025 fikk eininga eigen einingsleiar.

Pleie og omsorg omfattar institusjons- og butenester, som Aukra omsorgssenter, avlastningsbustad, Bergtun bufellesskap og kjøkken, samt tenester til heimebuande, som dagsenter for eldre, heimetenesta og hjelpemiddel. I dag har desse felles einingsleiar. Frå 1. januar 2026 blir tenestene samla i éi eining under namnet Pleie og omsorg, med éin einingsleiar og fire avdelingsleiarar for å sikre samordna leing og ein oversiktleg struktur.

Frå 1. april 2025 har sektoren fått eigen kommunalsjef for helse og omsorg, i tråd med kommunestyrevedtak frå september 2024 om administrativ omorganisering. Kommunalsjefen er øvste leiar for sektorområdet og har ansvar for strategi, ressursbruk og utvikling. Den daglege drifta blir leia av einingsleiarane for Helse og Pleie og omsorg.

Som ein del av leinga er det etablert ein fagstab med kommuneoverlege, forvaltningsteam med to saksbehandlarar og ein økonomirådgivar. Fagstaben handterer forvaltningsoppgåver i sektoren og behandlar søknader i eigne forvaltningsmøte. Forvaltningsteamet held dessutan ukentlege møte for å sikre god oppfølging av saker. Kommunalsjefen har faste stabmøte annakvar veke, medan einingsleiarane har jamlege møte med sine avdelingsleiarar.

Aukra kommune har ein psykolog i full stilling i eininga Helse, som hovudsakleg arbeider førebyggjande med barn og unge. I 2025 vedtok kommunestyret å opprette Psykisk helseteam for barn og unge frå 0 til 18 år. Psykologen skal leie teamet, som blir eit lågterskeltilbod for barn, unge og deira familiar. Oppstart er sett til 1. januar 2026.

Kommunen deltek i ei interkommunal legevaktordning saman med Hustadvika, Molde, Rauma og Sunndal, med felles legevaktsentral som del av vertskommunesamarbeidet. Daglegevakt i kommunen frå kl. 08.00 til 16.00 på kvardagar vert handtert av legesenteret på Gossen.

Institusjonsdrifta omfattar Aukra omsorgssenter, som har 30 plassar fordelt på langtidsopphald, korttids- og rehabiliteringsopphald, palliativ pleie og behandling av alvorleg sjuke demente. Omsorgssenteret har eige vaskeri og kjøkken som leverer mat til pasientar, matombringning til heimebuande, kantine for tilsette og servering til arrangement. Butenesta og habiliteringstenesta omfattar eit bufellesskap med faste bebuarar, og følgjer òg opp heimebuande med behov for stell og pleie. Avlastingstenesta blir tilbydd både i kommunal regi, ved kjøp frå private og som avlasting i heim, særleg for barn og unge frå 0-19 år.

Dagsenter og aktivitetar er viktige i kvardagen til den enkelte. Det er fokus på å finne tilrettelagde aktivitetar i lag med brukarane, slik at dei får meningsfylde kvardagar.

Alle tenestemottakarar får individuelt tilpassa tilbod basert på kartlegging av behov, og tenestene blir justerte dersom situasjonen eller hjelpebehovet endrar seg over tid.

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Aukra kommune tilbyr i dag gode kommunale helsetenester, og vi har så langt lykkast med å rekruttere på alle fagfelt: legar og sjukepleiarar til legekantoret, fysioterapeutar, ergoterapeutar og helsesjukepleiarar. Tenestevolumet vurderast som tilfredsstillande, og i den komande fireårsperioden vil fokuset vere å stabilisere drifta og sikre at innbyggjarane framleis har eit godt tilbod.

Med tanke på den demografiske utviklinga som ventar, må vi vurdere korleis tenestene kan bidra til at innbyggjarane kan bu lengre heime før behovet for institusjonsplass oppstår. Det blir viktig å prioritere fagområde som støttar målet om sjølvstende og tryggleik i eigen heim.

Dei neste tiåra vil Aukra kommune, som andre kommunar, oppleve ei moderat auke i behovet for helse- og omsorgstenester. Prognosane frå SSB viser at folketalet vil auke frå om lag 3 779 i 2025 til 4 398 i 2050, ei auke på om lag 16 %. Denne veksten vil i hovudsak skje blant eldre, men òg blant barn og unge. Samstundes vil talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder minke. For å møte dette utan ein tilsvarande auke i bemanning, må oppgåvene løysast på nye måtar gjennom omfordeling av arbeidsoppgåver, førebygging, betre samhandling med lokalsamfunnet, auka eigeninnsats og bruk av grupper, og implementering av velferds- og meistringsteknologi der det er funksjonelt. Innbyggjarane må òg sjølve ta ansvar for planlegging av alderdom og nytte lokale tilbod og nettverk.

Forebyggjande arbeid blir særleg viktig for barn og unge. Tidleg innsats og tilrettelegging skal gjennomsyre alle tenester for å førebygge psykiske plagar og åtferdsproblem. Utvikling av gode lokalsamfunn og samarbeid mellom skule, kulturliv, idrettslag, frivillige, handelsstand og organisasjonar vil vere avgjerande. Universell utforming, tilrettelagde bustader, transport og attraktive nærmiljø bidreg til eigenmeistring og livskvalitet, og er viktige faktorar for tilflytting og rekruttering.

Sentrale føringar legg vekt på at flest mogleg skal bu heime med støtte frå heimetenestene. Institusjonsplassar vil i framtida vere reservert dei mest skrøpelege og multisjuke pasientane, samt personar med demens. Dette krev at innbyggjarane tidleg tenkjer gjennom kva som er viktig for dei i framtida, og korleis dei kan leggje til rette for å møte alderdommen i eigen heim. Korttidsplassar vil framleis vere tilgjengelege ved behov for avlasting eller opptrening.

Dekning av personalbehovet for personar med nedsatt funksjonsevne vil vere utfordrande, sidan tilgang på helsepersonell med rett kompetanse blir knappare. Samling av kompetanse og etablering av robuste fagmiljø vil vere viktig for å sikre kvalitet, rettstryggleik og godt sosialt nettverk for brukarar.

Innbyggerane har rett til nødvendige tenester når helse sviktar. Når ressursar som helsepersonell blir knappare, må samfunnet forvalte dei kritisk og vurdere kva oppgåver helse- og omsorgstenestene sjølv skal utføre, og kva andre aktørar – familie, frivillige, lag og organisasjonar eller private aktørar – kan bidra med.

Bruk av hjelpemiddel og teknologi må utviklast og nyttast optimalt for å frigjere helsepersonell til oppgåver som berre dei kan utføre. Samstundes bør helse- og omsorgstenesta opne for andre aktørar som kan tilby ikkje-lovpålagde tenester, slik at sektoren kan møte det utfordrande framtidsbildet.

Utfordringar og tiltak for kommande år

I dei komande åra står Aukra kommune overfor fleire utfordringar innan helse- og omsorgstenestene, både knytt til auka behov hos eldre og unge, rekruttering og kompetanse, og tilpassing av tenestene til komplekse brukargrupper. For å møte desse utfordringane skal kommunen vidareføre arbeidet med å utvikle og stabilisere sektorområdet, med fokus på effektiv drift, kompetansebygging og tilpassing av tenestene til framtidige behov. Helsestasjonen og skulehelsetenesta skal i samarbeid med sektorområdet Oppvekst og kultur vere viktige aktørar i det førebyggjande arbeidet, mellom anna gjennom vidare implementering av BTI-modellen og Trygghetssirkelen.

Prognosar syner at behovet for sjukeheimplassar vil auke dei neste åra. Det blir difor viktig å gjere rette prioriteringar ved tildeling av tenester, og å ha ei god rullering på rehabiliteringsplassar og avlasting. Dette gir pasientar moglegheit til å trene seg opp etter alvorleg sjukdom og meiste å bu heime lengre. Rullerende avlasting er også viktig for å minke byrda for pårørande, slik at dei kan halde fram med å ha omsorg for sine heime lengre.

Det har tidvis vore utfordrande å rekruttere til institusjonstenestene, særleg sjukepleiarar, men situasjonen har betra seg dei siste åra, og det er no lettare å tiltrekke kvalifisert personale til kommunen. Likevel er dette eit kontinuerleg arbeid, og dei neste åra blir det viktig å tenkje annleis når det gjeld fordeling av arbeidsoppgåver mellom helsepersonell. Helsefagarbeidarar må ta ein større del av oppgåvene som tradisjonelt har vore utført av sjukepleiarar, slik at sjukepleiarane kan fokusere på oppgåver som krev spisskompetanse. Helsefagarbeidarar har kompetanse til mange oppgåver frå utdanninga, men må få spesialisert opplæring for å utvide arbeidsområdet ytterlegare.

Rekrutteringsarbeidet må halde fram med å ta imot fleire studentar, marknadsføre kommunen og arbeidsplassane, og sikre god opplæring og rettleiing undervegs, slik at tilsette blir trygge i utfordrande situasjonar og blir verande i jobben. Alternative turnusar har vist seg å vere ein effektiv metode for å rekruttere nyttilsette utanfrå, då desse ordningane gir lengre friperiodar og tiltrekkjer kompetent personell. Dette skaper også kontinuitet for bebuarar i bu- og habiliteringstenesta, og er tiltak kommunen skal vidareføre og utvikle.

Opplæring og rettleiing av tilsette vil vere ei stor og kontinuerleg oppgåve, særleg fordi pasientar har komplekse sjukdomstilstandar og auka behov for tryggleik og rammer. For bebuarar med psykisk sjukdom og komplekse behov vil miljøterapeutisk oppfølging og bufellesskap vere viktige tiltak for å sikre gode livsvilkår. I bu- og habiliteringstenesta skal tenester tilpassast den enkelte med omsyn til skule, arbeid, fritid, bustad og personleg utvikling, og tenestene må evaluerast jamleg for å sikre at dei svarer til behova.

I institusjon blir det viktig å oppretthalde ei god rullering på korttids plassane for å bruke ressursane funksjonelt, medan tildeling av langtids plassar må vere restriktiv og sjåast i samanheng med heildøgns omsorg. Prognosar syner at presset på plassane vil auke, og det blir derfor avgjerande å prioritere rekruttering, alternative turnusar, systematisk bruk av kvardagsteknologi og velferds- og

Økonomiplan for 2026-2029

meistringsteknologi, strengare tildelingskriterium, oppgåvefordeling mellom ulike profesjonar og kontinuerleg opplæring og rettleiing. Gjennom desse tiltaka skal kommunen møte utfordringane framover, sikre kompetanse, kvalitet og tryggleik for pasientar og pårørande, og tilpasse tenestene til endra behov i åra som kjem.

Kommunalsjef og fagstab helse og omsorg

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	1 261	1 261	1 261	1 261
Sum Vedtak forrige periode	252	252	252	252
Sum Budsjettendring i år	1 295	1 295	1 295	1 295
Konsekvensjusteringer	1 547	1 547	1 547	1 547
Konsekvensjustert ramme	2 808	2 808	2 808	2 808
Nye tiltak				
Flytting av ramme kjøp Krisesenter og Nok.Møre og Romsdal	960	960	960	960
Sum Nye tiltak	960	960	960	960
Nye tiltak og realendringer	960	960	960	960
Ramme 2026-2029	3 768	3 768	3 768	3 768

Institusjon og butenester

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	65 072	65 072	65 072	65 072
Sum Vedtak forrige periode	-1 931	-3 808	-3 804	-3 804
Sum Budsjettendring i år	12 004	12 004	12 304	12 004
Konsekvensjusteringer	10 073	8 196	8 500	8 200
Konsekvensjustert ramme	75 145	73 268	73 572	73 272
Nye tiltak				
Auke i kostnader grunna auka i vedtak på omsorgstenester	827	827	827	827
Auke i lønskostnader 2026 - Avlastning	1 745	1 745	1 745	1 745
Sentralt lønsoppgjør 2025 - heilårsverknad	1 736	1 736	1 736	1 736
Sum Nye tiltak	4 308	4 308	4 308	4 308
Nye tiltak og realendringer	4 308	4 308	4 308	4 308
Ramme 2026-2029	79 453	77 576	77 880	77 580

Tenester til heimebuande

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	38 112	38 112	38 112	38 112
Sum Vedtak forrige periode	-1 032	-1 404	-1 436	-1 436
Sum Budsjettendring i år	-92	-592	-592	-592

Økonomiplan for 2026-2029

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Konsekvensjusteringer	-1 124	-1 996	-2 028	-2 028
Konsekvensjustert ramme	36 988	36 116	36 084	36 084
Driftskonsekvens				
Salg av bilar heimetenester	20	20	20	20
Sum Driftskonsekvens	20	20	20	20
Nye tiltak				
Lokalt lønsoppgjer 2025	76	76	76	76
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	744	744	744	744
Sum Nye tiltak	820	820	820	820
Nye tiltak og realendringer	840	840	840	840
Ramme 2026-2029	37 828	36 956	36 924	36 924

Helse

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	22 818	22 818	22 818	22 818
Sum Vedtak forrige periode	-807	-636	-636	-636
Sum Budsjettendring i år	991	660	660	660
Konsekvensjusteringer	184	24	24	24
Konsekvensjustert ramme	23 002	22 842	22 842	22 842
Nye tiltak				
Endring Kriseteam	116	116	116	116
Lokalt lønsoppgjer 2025	325	325	325	325
Ny stilling Ergoterapeut	891	891	891	891
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	265	265	265	265
Videreføring av tilskot tilknytt til flykningar	807	807	807	807
Sum Nye tiltak	2 404	2 404	2 404	2 404
Nye tiltak og realendringer	2 404	2 404	2 404	2 404
Ramme 2026-2029	25 406	25 246	25 246	25 246

Samfunnsutvikling

Kommuneplana sin samfunnsdel – handlingsprogram

Satsingsområde	Hovudmål (Slik vil vi ha det)
Attraktiv kommune	1.1 Sentrumsutvikling på Gossen og i Julsundet
	1.2 Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet
	1.3 Vidareutvikle infrastruktur
	1.4 Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad
	1.5 Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid
Aukra i regionen	4.1 Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i
	4.3 Aukra kommune skal medverke til regionale ringverknadar av etableringa på Nyhamna
	4.4 Aukra skal styrkast som attraktiv reise- og friluftsområde
	4.5 Aukra kommune skal medverke til å realisere fastlandssambandet "Kjerringsundet"
Gjennomgåande perspektiv	1.01 Aukra skal vere ein sikker kommune
	1.02 Aukra kommune skal ha ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private, frivillige og offentlege aktørar
Klima og miljø	8.1 Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk
	8.2 Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport
	8.3 Aukra kommune skal møte ei usikker klimaframtid med tiltak
	8.4 Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet
	8.5 Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 15%
	8.6 Aukra kommune skal arbeide for ei berekraftig naturforvaltning og sikre biologisk mangfald

Tekst til måltabell

I planperioden vil dei store utbyggingsprosjekta Julsundet sambrukshus, Aukra idrettshall, oppgradering av Riksfjord stadion samt vidare satsing på bustadbygging/oppfølging av bustadpolitisk plan og gang- og sykkelveggar følg opp mange/dei fleste måla frå kommuneplana.

Arbeidet med revisjon av kommuneplana sin samfunnsdel vil skje i 2026. I 2027 vil arbeidet med ny arealdel til kommuneplana starte opp.

Av konkrete tiltak i planperioden kan nemnast:

- Julsundet sambrukshus
- Aukra idrettshall
- Oppgradering Riksfjord stadion
- Gang og sykkelveggar Rød-Oterhals og Småge-Smågetoppen
- Ruste opp Hauglandsvegen og Mækjavegen
- Miljøtårn sertifisering
- Naturforvaltning og klimatilpassing vil ha eit fokus i revisjon av arealplanen

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneska p	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling	0	8 413	9 513	9 138	9 192	8 442	8 392
Tekniske tenester	37 576	43 075	41 835	46 176	38 866	41 147	40 124
Sum	37 576	51 488	51 348	55 314	48 058	49 589	48 516

Omtale av sektoren

Samfunnsutvikling handlar om å utvikle ein god og velfungerande kommune der innbyggjarane, næringsliv og besøkande ønskjer å være. Det er mange element som er viktig for eit godt lokalsamfunn. Aukra kommune sine ulike tenesteområder, næringslivet og innbyggjarane gjennom til dømes frivillighet har ulike roller og må spele på lag.

Sjølv om berre teknisk eining er organisert til kommunalområde "Samfunnsutvikling" så vil dei fleste teneste-/fagområda i vid forstand gje innhald til utvikling av lokalsamfunnet. Mange av dei store utfordringane og løysingane framover vil være på tvers av kommunale tenesteområder og gjennom samarbeid og samspel med ulike aktørar utafor kommuneorganisasjonen.

Ansvarsområder:

- Samfunnsplanlegging
- Stedsutvikling
- Samferdsel
- Samfunnstryggleik
- Næringsutvikling
- Klima og miljø
- Bustadpolitisk
- Frivillighet

Utvikling av sektoren i økonomiplanperioda

Sektor Samfunnsutvikling står ovanfor store plan- og byggprosjekt i planperioden. Det er i stor grad samtidigheit i både prosjektering og etterkvart bygging av Sambrukshus Julsundet og Aukra idrettshall. Sjølv om dette er dei store og største investeringane i økonomiplanperioden vil øvrige mindre og store investeringar utfordre organisasjonen på gjennomføring.

På plansida vil igangsetting og utarbeiding av kommuneplana sin samfunnsdel i 2026 og kommuneplana sin arealdel i 2027 og 2028 krevje mye av organisasjonen. Det er lagt til grunn ekstern bistand til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel i budsjett for 2027 og 2028.

Oppfølging av bustadpolitisk plan har hatt stort fokus i 2025 og vil fortsette i 2026.

Gjennom dei siste åra og særleg i 2025, så har situasjonen og alvoret knytt til beredskap og krise endra seg. Totalforsvarsmeldinga frå regjeringa er tydeleg på dette og forventingane til kommunal beredskap er store.

Utfordringar og tiltak for kommande år

Sektor Samfunnsutvikling står ovanfor store plan- og byggprosjekt i planperioden. Det er i stor grad samtidigheit i både prosjektering og etterkvart bygging av Sambrukshus Julsundet og Aukra idrettshall. Sjølv om dette er dei store og største investeringane i økonomiplanperioden vil øvrige mindre investeringar utfordre organisasjonen på gjennomføring.

Behovet og ønske om vedlikehald av kommunale bygg og anlegg er mange. For å sjå desse i heilskap og gje grunnlag for prioritering vil det i 2026 bli utarbeida vedlikehaldsplan for kommunale bygg og anlegg.

På plansida vil revisjon av kommuneplana sin samfunnsdel i 2026 og kommuneplana sin arealdel i 2027 og 2028 krevje mykje av organisasjonen. Det er lagt til grunn ekstern bistand til utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel i budsjett for 2027 og 2028.

Oppfølging av bustadpolitisk plan har hatt stort fokus i 2025 og vil fortsette i 2026. For å sikre ei berekraftig utvikling i kommunen må det setjast fokus på egna bustader for eldre samt for unge og nyetablerte. Der er stor etterspurnad både for leige og eige, men stopp i bustadbygginga i øydslen av kommunen. Det er venta eit behov for kommunal bygging av bustader i åra framover. Mange av tiltaka for realisering av bustadpolitisk plan er avhengig av tilrettelegging og samarbeid med aktørar i bustadmarknaden. Fokus vil vere å gje konkret innhald til utbyggingsprosjekt, private og offentlege, primært i eit samarbeid.

Gjennom dei siste åra og særleg i 2025, så har situasjonen og alvoret knytt til beredskap og krise endra seg. Totalforsvarsmeldinga frå regjeringa er tydeleg på dette og forventingane til kommunal beredskap er store. Aukra kommune reviderte overordna risiko- og sårbarheitsanalyse i 2025. I 2026 vil ein gje innhald til å møte nye behov og forventingar til kommunal beredskap.

Kommunalsjef og fagstab samfunnsutvikling

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Økonomiplan			
	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	8 413	8 413	8 413	8 413
Sum Vedtak forrige periode	-1 448	-894	-1 394	-1 394
Sum Budsjettendring i år	500	500	500	500
Konsekvensjusteringer	-948	-394	-894	-894

Økonomiplan for 2026-2029

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Konsekvensjustert ramme	7 465	8 019	7 519	7 519
Nye tiltak				
Abonnement satelittelefon	56	56	56	56
Beredskapsferge	115	115	115	115
Bistand til revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel	500	0	0	0
Deltakelse i SINTEF prosjektet "HydroCCS – Optimizing industrial-scale blue H2 production with liquid CO2 capture enabling maritime logistics chains"	50	50	50	0
Etablere ei 50% stilling som rådgiver/beredskapsansvarlig	465	465	465	465
Lokalt lønsoppgjør 2025	66	66	66	66
Nødnett	140	140	140	140
Sivilforsvarslager	30	30	30	30
Tilrettelegge for bustadutvikling	250	250	0	0
Sum Nye tiltak	1 673	1 173	923	873
Nye tiltak og realendringer	1 673	1 173	923	873
Ramme 2026-2029	9 138	9 192	8 442	8 392

Tekniske tenester

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	43 075	43 075	43 075	43 075
Sum Vedtak forrige periode	-5 785	-7 589	-7 555	-7 555
Sum Budsjettendring i år	1 330	30	30	30
Konsekvensjusteringer	-4 455	-7 559	-7 525	-7 525
Konsekvensjustert ramme	38 620	35 516	35 550	35 550
Driftskonsekvens				
Aukra Idrettshall - Driftskonsekvenser	0	0	2 730	2 730
Drift av gang- og sykkelveg Småge - Smågetoppen	0	200	200	200
Reduserte energiutgifter i kommunehuset	-50	-50	-50	-50
Sparte energikostnader etter bygging av fjellbrønner ved Julsundet skole	0	-20	-20	-20
Sparte strømudgifter ved overgang til LED på utelys	-2	-4	-4	-4
To forsterka bustader - driftskonsekvensar	50	50	50	50
veglys skogevegen	5	5	5	5
Sum Driftskonsekvens	3	181	2 911	2 911
Nye tiltak				
Asfaltmidlar	500	500	500	500
Bergtun - Brannalarm	160	0	0	0
Bergtun - Renovering av bad	230	0	0	0
Driftstilskudd veterinærtjeneste Ytre Romsdal	100	0	0	0
Flyfoto og laserskanning	280	0	0	0
GBU - Bytte av gulvbelegg	0	400	0	0
GBU - Bytte nødlyssystem	500	0	0	0
GBU - KAC/ rømningsbokser	130	0	0	0
Hauglandsvegen	750	0	0	0
Julsundet skole - Ventilasjon	120	0	0	0
JUSK - Bytte av ytterdør	150	0	0	0
JUSK - Ungdomsskole	100	0	0	0

Økonomiplan for 2026-2029

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
JUSK - Utelys fotballbane	115	0	0	0
Kommuneplanens arealdel	0	1 000	1 000	0
Lokalt lønsoppgjer 2025	210	210	210	210
Malingsarbeider	1 010	0	0	0
Nautnesvegen 96 - Riving av løe	90	0	0	0
Omsorgssenteret - Kjøkken 1. og 2. etasje	600	0	0	0
Omsorgssenteret - Skjermet avdeling	200	0	0	0
Periodisk kontroll av slukkeutstyr	80	80	80	80
Sentralt lønsoppgjer 2025 - heilårsverknad	407	407	407	407
TEB - Tilpasninger	200	0	0	0
Tiltak avløp Jermannvegen	500	0	0	0
Tverrlia - Vedlikehald bygningar	100	0	0	0
Underskot sjølvkostområdet bygge- og delesak	260	217	170	119
Underskot sjølvkostområdet oppmåling	235	198	171	210
Underskot sjølvkostområdet private planer	167	158	149	138
Utleigebustader branntiltak	100	0	0	0
Vedlikehald gummidekke uteområde	260	0	0	0
Sum Nye tiltak	7 554	3 170	2 687	1 664
Nye tiltak og realendringer	7 557	3 351	5 598	4 575
Ramme 2026-2029	46 176	38 866	41 147	40 124

Overføringer

Rammeoversikt

Beløp i 1000

	Økonomiplan			
Beskriving tiltak	2026	2027	2028	2029
Opprinnelig budsjett	29 927	29 927	29 927	29 927
Sum Vedtak forrige periode	-190	-190	-190	-190
Sum Budsjettendring i år	830	830	830	0
Konsekvensjusteringer	640	640	640	-190
Konsekvensjustert ramme	30 567	30 567	30 567	29 737
Ramme 2026-2029	30 567	30 567	30 567	29 737

Beløp i 1000

Fordeling på eining (tabell)

	Rekneskap	Budsjett	Rev.budsjett	Økonomiplan			
	2024	2025	2025	2026	2027	2028	2029
Overføringer	17 455	29 927	32 407	30 567	30 567	30 567	29 737
Sum	17 455	29 927	32 407	30 567	30 567	30 567	29 737

Omtale av sektoren

Aukra Sokn

Kommunen sitt økonomiske ansvar går fram av lov om trus- og livssynssamfunn § 14. Sjå innmeldt tiltak i eige tabell i kapittel "Hovudtal drift i budsjett og økonomiplan".

GassROR IKS

I ny samarbeidsavtale, godkjent av Kommunestyret den 16.06.2011, går det i punkt 5.2 fram at Aukra kommune årleg skal bidra med eit tilskot tilsvarande 10 pst. av til ei kvar tid innfordringsbar eigedomsskatt.